



SAMAN OM EIN ATTRAKTIV REGIONAL FELLESARENA INNAN HELSEFAGLEG UTDANNING, FORSKING OG INNOVASJON

SLUTTRAPPORT CAMPUS VIE-PROSJEKTET

APRIL 2024

Saman om å finne dei gode løysingane

Framtidas helse- og omsorgstenester er under press grunna venta redusert tilgang på personell og redusert økonomisk evne. Gapet mellom behov og forventningar og det vi kan imøtekomme vil bli krevjande framover. Denne situasjonen vil ramme mindre stadar hardare enn sentrale strok og større byar. Behovet for omstilling er allereie svært synleg og krev at oppgåvene blir løyst på nye måtar. Vi har tru på at det er best å finne løysingane i lag!

Målet med Campus Vie-prosjektet er at vi skal løfte i lag; Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, kommunane i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn, næringslivet, fylkeskommunen og andre samarbeidspartar. Målet er å styrke kompetansemiljøet, auke innovasjonskrafta og gjere det attraktivt å ta utdanning og jobb i Sogn og Fjordane. Universitetet i Bergen innfører no ein ny studiemodell kalla Vestlandslegen, og om alt går etter planen, kan vi også ønske medisinstudentar velkomen til Førde i 2030.

I dette tverrfaglege fellesskapet skal vi arbeide for å halde på og vidareutvikle trygge helsetenester av god kvalitet. Samhandling er meir aktuelt enn nokon gong, og her i Sogn og Fjordane har vi over tid bygd opp mange gode samhandlingsrelasjonar. Denne grunnmuren skal vi byggje vidare på. Vi er svært stolte av forskingsmiljøet på Vie. Dette er bygd opp over tid i samarbeid mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet i fellessatsinga Helseforskning Sogn og Fjordane. Dei siste åra har det i HVL sitt automasjons- og robotikkmiljø vakse fram fleire forskingsprosjekt. Dette er ei teknologisatsing vi så vidt har sett byrjinga på. Talet på PhD-kandidatar knytt til desse to miljøa har auka kraftig; både innan helse- og ingeniørfag. Nettopp denne koplinga mellom teknologi- og helsefag kjem til å vere ein viktig faktor når framtidens utfordringar skal løysast.

Partnarane i prosjektet har kartlagt funksjons- og arealbehov i ein ny fellesarena på Vie for utdanning, forskning og innovasjon. Ein slik fellesarena kan bli eit attraktivt kraftsenter som heile regionen vil dra nytte av både når det gjeld rekruttering og innovasjonssamarbeid. I prosjektperioden har vi lagt eit grunnlag og sett på interessa for etablering av ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge for heile Sogn og Fjordane. Responsen på dette initiativet har vore svært positiv.

Takk til alle som har bidratt med viktige innspel i dette prosjektet!



Anne Kristin Kleiven

Prosjekteigar og utviklingsdirektør i Helse Førde



Foto: David Zadig

01

SAMANDRAG

02

KVEN, KVIFOR OG KORLEIS?

- 2.1 Dei fire partnarane
- 2.2 Forprosjekt og prosjektdirektiv
- 2.3 Nasjonale føringar, utgreiingar og planar
- 2.4 Prosjektleiing og organisering av arbeidet

03

EIN ATTRAKTIV FELLESARENA FOR FRAMTIDA

- 3.1 Funksjons- og arealbehov
- 3.2 Plassering og finansiering
- 3.3 Tilrettelegging for samarbeid

04

VERDISKAPANDE SAMSPEL I SOGN OG FJORDANE

- 4.1 Kva gjer dei andre stadar?
- 4.2 Ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge
- 4.3 Felles profil og identitet

05

TILRÅDINGAR

- 5.1 Fellesarena for utdanning, forskning og innovasjon
- 5.2 Ei helseklynge i Sogn og Fjordane

06

ORD- OG KJELDELISTE

01

SAMANDRAG



[Tilbake til oversikta](#)

«Partane skal i samarbeid, og saman med andre, legge grunnlaget for vidare arbeid med å etablere ein framtidsretta helsecampus som kan romme dei aktivitetane og behova som er kartlagde, styrke kompetansemiljøet og gjere Førde meir attraktiv som studie- og arbeidsstad»

Fellesarena og helseklynge for oppgaveløysing og auka verdiskaping

Mykje tung fagkompetanse og mange flinke folk har sitt virke på Vie med Helse Førde (HFD) sitt sentralsjukehus og Høgskulen på Vestlandet (HVL) sin campus i Førde. Om alt går som planlagt, vil også Universitetet i Bergen (UiB) i 2030 vere på plass med utdanning av medisinstudentar. Dette er fantastisk godt utgangspunkt for samhandling kring utdanning, forskning og innovasjon. I lag med Sunnfjord kommune har ein difor gjennomført prosjektet «Campus Vie», med mål om å legge grunnlaget for å etablere ein fellesarena for å dele kompetanse, utstyr og areal.

Regionalt svar på nasjonale føringar

Prosjektet har kartlagt funksjons- og arealbehova mellom partnarane (kapittel 3) og interessa for å danne ei helseklynge i Sogn og Fjordane (kapittel 4). Ei kunnskaps- og næringsklynge er uavhengig av bygg, og kan bli ein motor for auka verdiskaping gjennom styrka fellesskap og aktivitet utover miljøet på Vie. Samtidig vil investering i ein ny fellesarena på Vie vere viktig for heile regionen med betre tilrettelegging av fasilitetar innan utdanning, forskning og innovasjon, og kan fungere som eit nav for ei helseklynge. Både klynge og fellesarena er viktig for å bygge ein sterkare felles kultur for forskning og innovasjon, og satsinga vil vere eit regionalt svar på dei nasjonale føringane, som skildra i kapittel 2. I Sogn og Fjordane har vi lang tradisjon for å samarbeide på tvers av sektorar og fagmiljø, så eit slikt samarbeidsnettverk har allereie eit godt grunnlag å byggje vidare på.



Fellesarena og helseklynge for oppgaveløysing og auka verdiskaping – del 2

Kunnskapsbaserte løysingar

Løysingane på dei store utfordringane i helsesektoren må vere grunna på dokumentert kunnskap. Eit av dei sterkaste lokale miljøa på kunnskapssida er Helseforskning Sogn og Fjordane, som er eit godt etablert samarbeid mellom HVL og HFD. Dei siste åra har forskingsaktiviteten på teknologisida også skote fart innan robotikk og automasjon med eit lite, men sterkt ingeniørfagleg miljø på HVL Campus Førde. Gode løysingar skapte i skjeringspunktet mellom helsefag og teknologi vil vere avgjerande for å klare oppgåvene i norsk helsesektor i framtida. HVL Campus Førde sin tverrfaglege profil er eit fortrinn for slikt innovasjonsarbeid, og som resultat av forskingsdriven innovasjon i Helse Førde er det allereie etablert selskap og lokale arbeidsplassar. Potensialet til meir verdiskaping i samspel med kompetansemiljøa i regionen er derfor svært stort.

Sambruk for auka fellesskap

Det primære ønsket til partnerane er sambruk gjennom samlokalisering. For at resultatet skal bli vellukka, vil gode strukturar og system for deling vere avgjerande. Det er også viktig korleis areala vert plassert i høve til kvarandre og korleis dei vert innreia. Partnerane har eit ønskje om at satsinga skal bidra til auka attraktivitet til studie- og arbeidsstaden. Ein slik fellesarena kan skape tilleggsdimensjonar som kan vere vanskelege å måle, men som likevel har stor verdi for resultatet; felles identitet, auka samhandling, fleire initiativ, auka motivasjon og eit synleg kompetansemiljø som bidreg til meir merksemd, som igjen kan skape større etterspurnad etter våre studium og våre arbeidsplassar.

Halvering av arealbehov

Prosjektet har kartlagt kva funksjons- og arealbehov partnerane har og sett spesifikt etter gevinstar ved deling. Funna våre syner at vi nær kan halvere behovet for areal om partnerane går saman om:

- eit felles senter for simulering og ferdigheitstrening
- undervisningsrom, møterom, grupperom og stillerom
- ein del spesialrom innan forskning og innovasjonsaktivitet



Foto: Stockbilete.

Fellesarena og helseklynge for oppgaveløysing og auka verdiskaping – del 3

Rask realisering

Prosjektet har sett på kva behov partnarane har og i kva areal dette kan løysast. Vi har vektlagt funksjonane og sambrukspotensialet meir enn plassering i eitt felles nytt bygg. Prosjektgruppa vil utfordre organisasjonane på å tenkje utradisjonelt om kva ein felles arena er. Den raskaste vegen til meir samhandling og deling av ressursar er å ta i bruk dei byggja vi har – uavhengig av om alt landar under same tak, og tilrår derfor ein kombinasjon av eksisterande bygg, rehabilitering av Angabygget og eit nytt framtidig bygg som fellesarena.

Motiverande for samskaping

For å skape ein attraktiv plass for studentar og tilsette, må fasilitetane i fellesarenaen vere av ein slik karakter at dei stimulerer og motiverer folk til innovasjon og samskaping. Det vil krevje investeringar for å rehabilitere Angabygget og setje opp eit nytt bygg ved sidan av. Langsiktige leigeavtalar og delte kostnadar gjennom sambruk vil vere avgjerande for at Helse Førde skal kunne forsvare dette økonomisk.

Heilskapleg plan

Prosjektgruppa tilrår rehabilitering av Angabygget som det første steget. Då kjem ein raskt i gang, og det vil dekke nokre av dei kartlagde og prioriterte behova. Tilrettelegging av attraktive og identitetsskapande lokale vil vere ein suksessfaktor for å skape gode rom som folk trekkast mot. Dette kan gjerast med relativt enkle grep. Ein bør ha ein heilskapleg plan frå start og kople på både ein god interiørarkitekt og arkitekt.

Attraktiv plass å vere

Med denne satsinga kan partane skape ein heilt ny arena for samhandling innan pasientbehandling, utdanning, forskning og innovasjon. Ein attraktiv plass å høyre til, og der ein jobbar i lag for å møte framtidens utfordringar og skape nye løysingar i fellesskap. Dette er av stor verdi for partane, men også for eit veksande innovativt næringsliv, som kan gjere seg nytte av både kompetanse og testfasilitetar i utvikling av sine verksemder.

Interesse for kunnskaps- og næringsklynge

Prosjektet har gjort eit forarbeid for etablering av ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge. Det er laga eit utkast til føremål, handlingsplan og budsjett samt gjort ei interessentkartlegging på tvers av offentleg og privat sektor. På veldig kort tid har initiativet fått stor oppslutnad, og prosjektet tilrår at ein inviterer interessentane til ein kick-off tidleg haust 2024 og går vidare med arbeidet for å etablere ei kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane.

Campus Vie-prosjektet si satsing på ein fellesarena for utdanning, forskning og innovasjon kombinert med ei helseklynge i Sogn og Fjordane vil vere eit viktig steg for å sikre seg ein plass på «landslaget» i utvikling av gode helsetenester.



Har du lyst å hoppe rett til
utdyping av tilrådingane? Trykk her!

Prosjektgruppa tilrår og faseinndeler

FASE 1

FASE 2

FASE 3

FASE 4

EIN ATTRAKTIV REGIONAL FELLESARENA FOR UTDANNING, FORSKING OG INNOVASJON PÅ VIE

Planleggje rehabilitering
av Angabygget

Oppstart av byggeprosjekt

Sambruke areal i
andre eksisterande bygg

Trinnvis rehabiliter Angabygget og ta
det i bruk som fellesarena

Byggje eit nytt felles bygg for å dekke
alle prioriterte innspel

Behalde noverande plassering av
biblioteket og Læringslaben

Klargjere areal til
Helse Vest IKT og Vestlandslegen

Etablere eit felles senter for
simulering og ferdigheitstrening

Klargjere samhandlingsareal til
undervisning og klyngeaktivitet

Samle utdannings- og
forskingsmiljøet i HVL sitt bygg

ETABLERE EI HELSERELATERT
KUNNSKAPS- OG NÆRINGSKLYNGE

Oppstartsmøte med kartlagde interessentar

Bli einige om namn på klyngesatsinga

Setje i gang eit treårig oppstartsprosjekt

Tilsetje klyngeleiar

02

KVEN, KVIFOR OG KORLEIS?


- 2.1 Dei fire partnarane
- 2.2 Forprosjekt og prosjektdirektiv
- 2.3 Nasjonale føringar, utgreiingar og planar
- 2.4 Prosjektleiing og organisering av arbeidet



[Tilbake til oversikta](#)

Demografiske nøkkeltal for Sogn og Fjordane


Befolkningsframskrivingar tyder på at vi i Sogn og Fjordane vil få eit lågare folketal i 2040 på same tid som vi får eit høgare tal innbyggjarar over 80 år. Det vil altså seie at berekraftsbrøken går ned, og det blir færre yrkesaktive opp mot eldre.

**108 404**

Folketal i 2020

-1,1 %

Folketal i 2040

**6 034**Innbyggjarar over
80 år i 2020**11 195**Innbyggjarar over
80 år i 2040**3,4**Berekraftsbrøk
eldre for 2020**2,2**Berekraftsbrøk
eldre for 2040**12 772**Sysselsette i helse
og omsorg i 2023

Kjelder: 1: [Samhandlingsbarometeret](#), «Demografi – framskriving»

2. [Statistisk sentralbyrå](#), «Alders og næringsfordeling»

Kart frå: [Kommunekart](#), blå grensestrek er eigenprodusert.

Ein nærings- og ringverknadsanalyse

Sunnfjord Utvikling engasjerte PwC til å gjennomføre ein nærings- og ringverknadsanalyse i Sunnfjord³. Denne og neste side tek føre seg funna derfrå. Rapporten peikar på fem megatrender som vil påverke regionen, mellom anna desse tre:

1. Demografiske endringar; Sunnfjord er i ein region med aldrande befolkning. Dette vil skape utfordringar innan rekruttering til både bedriftene våre og offentlig sektor. Fleire pensjonistar per yrkesaktiv vil også kunne utfordre vår økonomiske berekraft og utfordrar oss på innovasjon, der ei aldrande befolkning har større behov for tenester, noko som gir auka offentlege kostnader.

2. Urbanisering og sentralisering; Vestlandet har fleire byar og tettstadar som aukar si tiltrekkingskraft, samstundes som dei også taper terreng til større byområde - i hovudsak Oslo og det sentrale Austlandet. Dette påverkar folketalsveksten og gjer det vanskelegare å rekruttere.

3. Teknologiske gjennombrøt; Teknologiske gjennombrøt medfører behov for auka satsing på forskning og utdanning som kan gi heile regionen eit kunnskapsløft og bidra til innovasjon, inkludert regionalt og internasjonalt samarbeid. Dersom vi agerer for seint på teknologisk endring, kan våre konkurransefortrinn forsvinne.

3: PwC, «Vekstregionen Sunnfjord, Ein Nærings- og ringverknadsanalyse» Sunnfjord Utvikling.
18.04.24. [Vekstregionen Sunnfjord_Ei Nærings- og ringverknadsanalyse \(2\).pdf \(dropbox.com\)](#)





For å sikre vidare vekst i Sunnfjord, peikast det på at auka attraktivitet, tilgang på arbeidskraft og konkurransedyktig infrastruktur vil vere viktig.

Dette inneber mellom anna:


- Vidare utvikling av Førde som utdanningsby som kjelde til tilflytting og utdanning til det arbeidslivet regionane har behov for.
- Betre tilbod om desentralisert utdanning.

I analysen som er gjennomført peikast det også mellom anna på desse høva for vekst i Sunnfjord:

- Vekstnæring og helseinnovasjon.
- Utdanning som kjelde til tilflytting og arbeidskraft tilpassa næringslivet.

Hovuddrivarar for vekst og utvikling i Sunnfjord

Av nyare offentlege investeringar har mellom anna Førde Sentralsjukehus og utdanningssektoren peika seg ut som hovuddrivarar for vekst og utvikling i kommunen. Sjå figuren under.





2.1

Dei fire partnarane

Overlappende samfunnsoppdrag og eksisterande samarbeid

Partnarane i prosjektet er offentlege aktørar som er omfatta av lovgjevande føringar, såkalla samfunnsoppdrag, innanfor kvar sine område. Fleire av oppgåvene i samfunnsoppdraga til partnerane er overlappende, derfor kan det vere tenleg med eit tett samarbeid og deling av areal og kompetanse.

Partnarane har mange samarbeidsavtalar og delte ressursar gjennom mellom anna:

- Utdanning
- Kombinerte stillingar
- Helseforsking Sogn og Fjordane
- Samhandling Sogn og Fjordane
- Samhandlingsbarometeret
- Praksisgjennomføring
- Simuleringsarbeid
- Forsking og innovasjon



Kunnskap som byggjer menneske og samfunn



Saman blir vi drivande gode



Kunnskap som former samfunnet



Vi skal fremje helse, meistring og livskvalitet



Høgskulen på Vestlandet



4

Bachelorprogram
Campus Førde

5

Masterprogram
Campus Førde



849

Studentar HVL Campus Førde 2023



11

PhD-kandidatar per april 2024
ved Campus Førde



10

Tilsette i kombinerte
stillingar med HFD

87

Årsverk HVL
Campus Førde 2023

2 212 m²

Innmeldt arealbehov i
Campus Vie-prosjektet

Høgskulen på Vestlandet har ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. HVL sitt Campus i Førde ligg på Vie, som nærmaste nabo til Førde sentralsjukehus. I Førde kan ein studere på bachelor, master og PhD-nivå innan viktige helse- og omsorgsfag og fleire framtidsretta teknologifag.

Både HVL sin strategi 2023-2030⁴ og rapporten frå campusutviklingsprosjektet (2021)⁵ peikar på dimensjonar som Campus Vie-prosjektet legg fram tilrådingar for.

Rapport frå campusutviklingsprosjekt ved Campus Førde 2021

Hovudkonklusjonane til arbeidsgruppa for Campusutviklingsprosjektet til HVL peikar på fire dimensjonar for å styrke Campus Førde.

1. Sterkare samarbeid mellom fagmiljøa på helse og teknologi
2. Halde fram det tette og gode samarbeidet med arbeids- og næringslivet med stor styrke og ressursbruk
3. Auka studenttal i Førde vil krevje betre og meir hensiktsmessige lokalitetar
4. Sikre ein levande og dynamisk campus mellom anna gjennom å vidareutvikle utdanningstilbodet

HVL SIN STRATEGI 2023-2030

Strategien presenterer tre strategiske ambisjonar og seks overordna mål:

Utdanning og forskning for samfunns- og arbeidsliv

- dekkje framtidas kompetansebehov
- forskning av høg internasjonal kvalitet er med å forme samfunns- og arbeidslivet

Ei sterk innovasjonskraft

- ansvarleg innovasjon pregar samhandling med samfunnet
- organisasjonen er kjenneteikna av søken etter forbetring

Ein ambisiøs samfunnsaktør

- HVL er eit samskapande universitet med levande campus som tek ei regional rolle
- deler kunnskap og deltek aktivt i samfunnsdebatten

4: HVL, «[Strategi for HVL 2023-2030](#)»

5: HVL, «[Prosjekt campusutvikling – Campus Førde](#)»



Sunnfjord kommune



30

Tal omsorg-, helse- og sosialeiningar

22 450

Innbyggjarar



242

Praksisplassar i helse- og omsorg



726

Årsverk i helse- og omsorgssektoren



0 m²*

Innmeldt arealbehov i Campus Vie-prosjektet

*SYS IKL har samarbeidsavtale om simulering med Helse Førde og deira behov for areal blir ivareteke av Helse Førde.

Sunnfjord kommune er det største regionsenteret mellom Bergen og Ålesund. Kommunen er vertskommune for Campus Vie-satsinga og ein viktig partner i prosjektet av mange grunnar:

- For å ivareta kommunehelsetenesta sine behov
- For å bidra til positiv utvikling av Førde som utdanningsby
- For å sjå på kva ei slik satsing kan bety for tilrettelegging og utvikling av helsenæringa

Studentmeldinga 2023-2026

Kommunen si studentmelding⁶ har som hovudmål å utvikle kommunen og Førde som utdanningsby. Sunnfjord kommune har mellom anna ambisjon om at dei innan 2030 skal ha bidrege til:

- Auka tal studieplassar tilpassa regionen sine fortrinn og behov i samarbeid med Fagskulen på Vestlandet, HVL og UiB.
- At Campus Førde har blitt ein universitetscampus på Vie i tett samarbeid med HVL, UiB og Helse Førde.

Vidare i studentmeldinga står det at kommunen må gjere seg meir attraktiv for studentane slik at dei ønskjer å komme til Førde for å studere, men også for å få fleire til å bli her når dei er ferdige med utdanninga.

Nasjonalt senter for yrkesfag

Sunnfjord kommune har ambisjonar om å få etablert eit nasjonalt senter for yrkesfag i Førde. Eit slikt senter vil komplimentere satsinga vi vil tilrå på Vie.

USHT – Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester Vestland (Sogn og Fjordane)

Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT i Sogn og Fjordane. Sentra skal bidra til utvikling innan nasjonale satsingsområde med utgangspunkt i lokale behov. Dei er 5 tilsette, og den eine er tilsett i kombinert stilling med HVL.

HVL og kommunen har også tilsett ein person i kombinert stilling som skal jobbe med velferdsteknologi.

Sunnfjord Utvikling - kommunen sitt nærings- og tiltaksapparat

Sunnfjord Utvikling er ein viktig tilretteleggar for nærings- og samfunnsutvikling. Selskapet er involvert i fleire pågåande prosjekt retta mot helse- og utdannings-sektoren. Utviklingsplanen omtalar innovasjon i helse-sektoren som viktig å legge til rette for.



UNIVERSITETET I BERGEN



1 900

studentar ved Det medisinske fakultetet

1 200

tilsette ved Det medisinske fakultetet



500

PhD-kandidatar ved Det medisinske fakultetet ved UiB



0

vestlandslegestudentar i Førde i 2023

45

vestlandslegestudentar i Førde i 2030




10

Tilsette i kombinerte stillingar med HFD, 2023

10

UiB-tilsette i Førde i høve Vestlandslegen 2030



851 m²

Innmeldt arealbehov i Campus Vie-prosjektet

Vestlandslegen


Både UiB og samarbeidspartnarane i Sunnfjord arbeider hardt for å realisere studietilbodet *Vestlandslegen*. Med ei delvis desentralisert legeutdanning ser ein føre seg ei sterkare rekruttering til distrikta. Det nye utdanningstilbodet til UiB fører med seg behov for eigna lokale i Førde. Små forhold og eit klinikknært tilbod til legestudentane, kan vere eit fortrinn som vil gjere det attraktivt å studere i Førde.

Viktig for regionen

Forsking viser at mange vel å bli verande der dei studerer. Legeutdanninga i Førde kan gjere ei forskjell for rekruttering av legar til heile Sogn og Fjordane-regionen.

Status og tidsløp

Vestlandslegen starta opp i Stavanger frå hausten 2023, og første kull vert uteksaminert våren 2026. Løyvingar over statsbudsjettet til nye studieplassar ved UiB er førande for om Helse Fonna og Helse Førde kan ta imot medisinarstudentar gjennom Vestlandslegen. Tidlegast oppstart i 2030. Ei tiltenkt tidslinje er vist i figuren under.





3 136

Tilsette
Helse Førde i 2023

45

Tilsette
med tilhøyre Campus Vie

68

Gjennomførte praksisar
for legestudentar per år

105

Kapasitet praksisplassar
sjukepleiestudentar 2023

11

Helsefaglæringar
i 2023

18

Helsefaglæringar
i 2024

11

PhD-kandidatar per april 2024

2 475 m²Innmeldt arealbehov i
Campus Vie-prosjektet

Helse Førde med Sogn og Fjordane som sitt opptaksområde har lokasjonar fleire stadar og sentralsjukehuset ligg på Vie i Førde. Helse Førde har allereie stor grad av samarbeid med kommunane i regionen, næringslivet, HVL og UiB.

Helse Førde sin utviklingsplan 2021-2030

Utviklingsplanen⁷ skal svare på korleis Helse Førde skal løyse framtidens behov for helsetenester. Målet er å planlegge for rett kompetanse, nye arbeidsformer og riktige bygg og utstyr. Under presenterast eit utval av måla som er relevante for fellessatsinga.

- Samarbeide om kompetanseutvikling og forskning/innovasjon, m.a. gjennom campusutvikling.
- Samarbeide med utdanningssektoren om tilbod av medisin- og helsefagutdanningar, herunder samarbeide om å vidareutvikle Campus Vie (kompetanse, infrastruktur og areal).
- Vestlandslegen vil gjere oss betre rusta til å rekruttere legespesialistar til Helse Førde.
- Gjere vårt for å skape kultur for felles planlegging og kompetansestyrking mellom sjukehusa og primærhelsetenesta.
- Vere ein aktiv samfunnsaktør og fremje samarbeid og innovasjon på tvers av fag, organisasjon og næring.
- Delta i helsenæringsutvikling i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og næringslivet.
- Styrke utdanningstilbodet for helsepersonell gjennom praksisstudier og læreplassar.
- Styrke forskning og innovasjon i føretaket gjennom systematisk arbeid internt og med eksterne samarbeidspartar.
- Forsking og innovasjon skal vere ein integrert, robust og varig del av organisasjonen.
- Auke forskningssamarbeidet med andre sjukehus, utdanningssektoren, kommunane og nasjonale og internasjonale forskingsmiljø.
- Ta i bruk nye teknologiske løysingar som kan frigjere meir tid til pasientretta oppgåver for helsepersonellet.

A photograph of two identical blue double doors set into a white wall. Each door has a transom window above it with a grid pattern. The doors are slightly ajar, revealing a lighter blue interior. The doors are flanked by stone steps and black metal railings.

2.2

Forprosjekt og prosjektdirektiv

Funn og tilrådingar frå forprosjektet

Med bakgrunn i behov for betre og større areal til samlokalisering av ulike aktivitetar vart det i 2021 gjennomført eit forprosjekt. Det vart spelt inn behov for areal til funksjonar innanfor områda:

- Utdanning og opplæring
- Ferdigheiststrening og simulering
- Forsking og innovasjon
- Møte og kurs
- «Energisenter»
- Bibliotek

Det var gjennomført ei grov kartlegging og det vart estimert eit behov for:



6 800 m²
Netto arealbehov



8 100 m²
Brutto arealbehov

Tilrådingar frå forprosjektet

- Detaljert arbeid kring rehabilitering av Angabygget og vurdere framtidig potensial for bygget.
- Avklare mogeleg nybygg på parkeringsplassen aust for Angabygget.
- Avklare mogeleg nybygg på parkeringsplassen vest for HVL-bygget.
- På kort sikt flytte forskingsmiljøet frå Tefre til Angabygget.




Aktivitetane i prosjektet

Tilrådingane frå forprosjektet var grunnlaget for oppgåvene i dette hovudprosjektet. Partnerane skulle gå djupare i detaljane med kartlegging av funksjons- og arealbehov og finne ei langsiktig løysing for eit felles kompetansemiljø i tenlege lokale. Aktivitetane som hovudprosjektet skulle gjennomføre, er presenterte i figuren under.

«Partane skal i samarbeid, og saman med andre, legge grunnlaget for vidare arbeid med å etablere ein framtidsretta helsecampus som kan romme dei aktivitetane og behova som er kartlagde, styrke kompetansemiljøet og gjere Førde meir attraktiv som studie- og arbeidsstad»

Målsettinga frå prosjektdirektivet





2.3

Nasjonale føringar, utgreiingar og planar

Nasjonale føringar, utgreiingar og planar

Det er mange nasjonale føringar, strategiar og utgreiingar som peikar på dei same utfordringane og korleis ein saman skal arbeide for å løyse for desse. På dei neste sidene presenterast utdrag frå aktuelle dokument som støttar opp om satsinga på ein fellesarena i Førde.



I **Hurdalsplattforma**⁸ kjem det fram at regjeringa mellom anna vil:

- Stille tydelegare nasjonale krav til universitet og høgskular om regionalt nærvær for å styrkje det desentraliserte tilbodet og møte regionale kompetansebehov, gjennom oppdragsbrev og utviklingsavtaler.
- Lansere ei reform for desentralisert utdanning over heile landet, blant anna gjennom lokale utdanningscenter som i hovudsak er eigde av fylka eller har samarbeidsavtaler med eksisterande institusjonar. Utdanningscentera skal få eit særleg ansvar for utdanning der folk bur, basert på kompetansebehov.
- Utvide satsinga på framifrå forskings- og utdanningsmiljø og etablere nye forskingsmiljø i internasjonal toppklasse knytt til næringsklynger.



NOU – Tid for handling⁹:

Kommisjonen er sett til å skaffe kunnskapsgrunnlag og føreslå tiltak for å møte utfordringane i helse- og omsorgstenesta på kort og lang sikt. Dei presenterer grep innanfor seks område i utgreiinga:

1. Organisering
2. Arbeidstid
3. Kompetanse og utdanning
4. Prioriteringar
5. Digitalisering
6. Oppgåvedeling

Dette inneber mellom anna at ein må utvikle og automatisere digitale løysingar, legge til rette for desentralisert utdanning, betre oppgåvedelinga mellom faggrupper og auke bruken av kombinerte stillingar.

8: Arbeiderpartiet og Senterpartiet, «[Hurdalsplattformen](#)» Regjeringen. 18.04.24

9: NOU 2023:4. «[Tid for handling](#)».



Meld. St. 9 – Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024–2027¹⁰:

Stortingsmeldinga støttar seg i stor grad til dei føreslåtte tiltaka i *Tid for handling* og viser til korleis dei vil arbeide for å løyse utfordringane med personellmangel, dårleg samanheng mellom tenester og likeverdig tilgang til helsetenester.

Regjeringa vil mellom anna:

- Rekruttere og behalde personell gjennom å sjå på:
 - 1) arbeidsmiljø og arbeidsvilkår
 - 2) oppgåvedeling mellom personellgrupper
 - 3) rekruttering, kvalifisering og kompetanseutvikling
- Prøve ut og innføre nye organiseringsformer
- Ny strategi for digitalisering av helse- og omsorgstenestene der mellom anna tanken er at enklare tilgang til helsedata av god kvalitet skal bidra til betre helse og helse- og omsorgstenester. Det skal leggjast til rette for bruk av helsedata i helseforskning, styrke grunnlaget for kunnskapsbaserte helse- og omsorgstenester og stimulere til innovasjon og næringsutvikling.



Riksrevisjonens undersøkelse av rehabilitering i helse- og omsorgstjenestene¹¹:

Målet med undersøkinga var å sjå på tenestetilbodet til pasientar som har behov for rehabiliteringstenester og finne forklaringar på og konsekvensar av eit mangelfullt tilbod.

Konklusjonane frå revisjonen:

- Mange pasientar får ikkje tenestene dei har behov for
- Samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta fungerer ikkje til det beste for pasientane
- Der det er svakheiter i tenestene får det store konsekvensar for pasientane
- Styringa av rehabiliteringstenestene er mangelfull på alle nivå

10: St.meld. nr. 9 (2023–2024) [Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024–2027](#)

11: Riksrevisjonen, «[Riksrevisjonens undersøkelse av rehabilitering i helse- og omsorgstjenestene](#)»

Ønskje om ei satsing på distrikta

Planar og utgreiingar frå nasjonale styresmakter viser eit ønskje om sterk satsing på distrikta.



NOU – Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn¹³:

- Satse på statlege arbeidsplassar til distrikta.
- Satse på høgare utdanning i distrikta.
- Næringslivet i distrikta kan bidra til at Noreg når mål knytt til berekraft.

Det vektleggast at satsing på samferdsel, gode helsetenester, utdanning, forskning og innovasjon er viktig for å få til god regional utvikling og regional balanse.



Strategi for småbyer og større tettsteder som regionale kraftsentre¹⁴:

- Fleksible utdanningstilbod og lokale studiefellesskap.

Strategien trekk fram krafta av studiesenter som tilrettelegg for desentral utdanning. Sentra vil fungere som viktige fysiske møteplassar for læring og undervisning. I tillegg vil dei også vere drivarar for kompetanseutvikling og utdanning der sentra er lokaliserte.

13: NOU 2020:12. [Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn](#).

14: Kommunal- og moderniseringsdepartementet, «[Strategi for småbyer og større tettsteder som regionale kraftsentre](#)»

Offentleg sektor si rolle i utvikling av helsenæring

Helsenæringa i Noreg hadde i 2021 ein omsetnad på 65 mrd. kroner og skapar om lag 11 000 arbeidsplassar i landet. I juni 2023 vart helsenæringa annonsert som den fjerde største nasjonale eksportfremmesatsinga under «Hele Norge eksporterer»¹⁵.



Meld. St. 18 - Helsenæringen¹⁶:

Hovudmålet med meldinga er å bidra til auka konkurransekraft i den norske helsenæringa og gjere helse- og omsorgstenesta meir berekraftig gjennom auka effektivitet.

Mellom anna vil regjeringa tydeleggjere forventningar om samarbeid mellom helseføretaka og næringslivet.



Veikart Helsenæringen¹⁷:

Regjeringa peikar på 12 innsatsområde med tiltak som vil styrke den norske helsenæringa, mellom anna desse:


1. Test og pilotering
2. Kliniske studiar
3. Klynger
4. Helseteknologi og persontilpassa medisin
5. Tilgang til og bruk av helsedata
6. Forsking, utdanning, innovasjon og kommersialisering

15. Regjeringen, «[Helsenæring valgt som neste nasjonale eksportfremmesatsing](#)». 02.06.2023.

16: St.meld. nr. 18 (2018-2019) [Helsenæringen](#)

17: Nærings- og fiskeridepartementet og Helse og omsorgsdepartementet, «[Veikart Helsenæringen](#)»

Forsking, høgare utdanning og profesjonsnære utdanningar



Meld. St. 5 – Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023–2032¹⁸:

Dei tre overordna måla:

- 1) Styrke konkurransekraft og innovasjonsevne
- 2) Miljømessig, sosial og økonomisk berekraft
- 3) Høg kvalitet i og tilgjengelegheit i forskning og høgare utdanning

I dei tematiske prioriteringane løftast mellom anna helse fram.



Meld. St. 19 – Profesjonsnære utdanningar over heile landet¹⁹:

Meldinga peikar på fleire moment og utfordringar som er aktuelle for Campus Vie-prosjektet, mellom anna:



- Nedgang i søkjarar til sjukepleiarutdanninga
- Rekruttering til distrikta
- Bygg som skaper profesjonsnære utdanningar
- Samarbeid på tvers av sektorar
- Eit behov for betre samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og praksisfeltet for å:
 - Utvikle eit kunnskapsbasert arbeidsliv
 - Bringe erfaringskunnskap inn i utdanningane
 - Legge til rette for meir praksisnær forskning

18: St.meld. nr. 5. (2022–2023) [Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023–2032](#).

19: St.meld. nr. 19 (2023–2024) [Profesjonsnære utdanningar over heile landet](#).

2.4 Prosjektleiing og organisering av arbeidet

Prosjektorganisering



Arbeidspakkar og milepåleplan

I tillegg til prosjektgruppa, styringsgruppa, referansegruppa og arbeidsutvalet organiserte vi arbeidet inn i dei fire arbeidspakkane vist på førre side, som skulle svare ut oppdraget gitt i prosjektdirektivet. Aktuelle deltakarar i arbeidspakkane vart spelte inn av prosjektgruppa og arbeidsutvalet, og deltakarane i arbeidspakkane har vore både medlemmar i prosjektgruppa supplert med andre tilsette frå alle organisasjonane i prosjektet.

Prosjektdirektivet lista opp milepålar for prosjektet og sette tidsramma frå april 2023 til april 2024. Prosjektet planla for arbeidsperiodar i milepåleplanen som visast under. I kolonna etter milepålane er milepålane kopla opp mot dei aktuelle arbeidspakkane. *AP 4* betyr *arbeidspakke 4* og så vidare.

Milepålar og arbeidspakkar		apr.23	mai.23	jun.23	jul.23	aug.23	sep.23	okt.23	nov.23	des.23	jan.24	feb.24	mar.24	apr.24	mai.24	sep.24
Interessentanalyse utarbeidd																
Kommunikasjonsplan utarbeidd																
Erfaringar frå andre campusmodellar er innhenta																
Lage modell for nettverk og klyngesamarbeid	AP4															
Behovskartlegging utarbeidd og kvalitetssikra	AP1															
Kartlegge tilgjengeleg areal i eksisterande bygg	AP2															
Løypemelding til referansegruppe								02.okt							29.mai	
Løypemelding til styringsgruppe									03.nov	20.des		15.feb		29.apr		09.sep
Arealbehov er kartlagt og kvalitetssikra	AP1															
Aktivitatar og funksjonar er prioritert	AP1															
Alternativ for tomt og bygg er vurdert og tilrådd	AP3															
Finansieringsmodellar utarbeidd	AP3															
Arbeid med utkast til sluttrapport																
Ferdig utkast sluttrapport																
Sluttrapport behandla i styringsgruppe														29.apr		09.sep

Deltakarar i dei ulike prosjektgruppene

Arbeidsutvalet

- Gro Rukan
- Else Cathrine Rustad
- Dagrun Kyrkjebø
- Guro Mjanger
- Kurt Even Andersen /
Kirstin Synnøve Bruland
- Steinar Hunsår
- Hilde Elvebakk
Hjelmeland
- Hans Jakob Reite

Prosjektgruppa

- Anne Kristin Kleiven
- Gro Rukan
- Dagrun Kyrkjebø
- Guro Mjanger
- Helge Robert Midtbø
- Else Cathrine Rustad
- Anny Aasprang
- Hans Jakob Reite
- Karl-Eric Melander
- Eli Nummedal
- Trond Ueland
- Steinar Hunsår
- Marcin Fojcik
- Randi Rambjørg
- Irene Aasen Andersen
- Berit Hornnes
- Kirstin Synnøve Bruland
- Kurt Even Andersen
- Gunhild Berge Stang
- Hilde Elvebakk
Hjelmeland

Styringsgruppa

- Gunnar Yttri
- Arve Varden
- Randi Skår
- Jens Kristian Fosse
- Anne Kristin Kleiven
- Asle Kjørlaus
- Børge Tvedt
- Trond Ueland
- Simon Erling Nittel
Dankel

Referansegruppa

- Anne Kristin Kleiven
- Asle Kjørlaus
- Børge Tvedt
- Marit Solheim
- Georg Førland
- Bjørg Norunn
Rullestad Hafslund
- Svanaug Fjær
- Line Wergeland

- Sunnfjord kommune
- Høgskulen på Vestlandet
- Universitetet i Bergen
- Helse Førde

Deltakarar i dei ulike arbeidspakkane

Arbeidspakke 1

- Gro Rukan
- Anny Aasprang
- Line Tangsveen
Underhaug
- Ole Tormod Kleiven
- Eli Nummedal
- Hans Jakob Reite
- Karl-Eric Melander
- Guro Mjanger
- Guro Vik Kvalsund
- Pål André Hegland
- Helge Robert Midtbø
- Steinar Hunskaar
- Bernt Bøgvald Aarli
- Liselotte Norman
- Liv Janne Bell Jonstad
- Hilde Elvebakk
Hjelmeland
- Raquel Motzfeldt
Tirach

Arbeidspakke 2

- Helge Robert Midtbø
- Gro Rukan
- Karl-Eric Melander
- Hans Jakob Reite
- Hilde Elvebakk
Hjelmeland

Arbeidspakke 3

- Helge Robert Midtbø
- Øystein Hellesteth
- Karl-Eric Melander
- Bjørn Tore Lavik
- Trond Ueland
- Hilde Elvebakk
Hjelmeland
- Gro Rukan

Arbeidspakke 4

- Gro Rukan
- Hans Jakob Reite
- Gunhild Berge Stang
- Dagrun Kyrkjebø
- Hilde Grinde
- Hilde Elvebakk
Hjelmeland

- Sunnfjord kommune
- Høgskulen på Vestlandet
- Universitetet i Bergen
- Helse Førde
- Sunnfjord Utvikling
- Kunnskapsparken Vestland


AP 1

KARTLEGGE FUNKSJONS- OG AREALBEHOV

Vere visjonære, men kartlegge så presist som mogleg kva kvar av partnerane treng av areal til ulike funksjonar; no og i framtida. Synleggjere potensiell deling.

OPPGÅVER

- Oversikt over areal- og funksjonsbehov
- Estimert oversikt over tidsbruk til ulike areal (omtrentlege timeplanar til undervisning/simulering/eksamen o.l.)
- Prioritering av funksjonsbehova for dei ulike organisasjonane
- Lage ei oversikt over potensial for sambruk
- Kartlegge kva funksjonar som kan gje ein styrka tilleggsdimensjon til dei konkrete behova («need to have – smart to have»)



Prosjektdirektivet sa at prosjektet skulle kartlegge og kvalitetssikre funksjons- og arealbehovet til partnerane for notid og framtid. **Forprosjektet** rapporterte om eit nettoarealbehov på 6 800 m² og eit bruttoarealbehov på 8 100 m² og har dermed nytta seg av ein påslagsfaktor (tidlegare brutto/netto-faktor) på 1,19. Ved å sjå til påslagsfaktoren i eksisterande Angabygg og andre bygg med tilsvarende aktivitet, må denne aukast. NTNU legg 1,65 til grunn i utrekninga for nybygg. Fleire sjukehus er prosjekterte med ein påslagsfaktor på over 2. Vi har i våre tal nytta oss av ein påslagsfaktor på 1,8. **Estimering av tidsbehov for dei ulike areala** var ei krevjande oppgåve som vi ikkje har klart å få godt nok kartlagt i dette prosjektet.

Metode

For å svare ut direktivet har vi henta inn data frå aktuelle organisasjonar, samanstilt og kategorisert innsamla data og kvalitetssikra skjemaet i lag med partnerane. Meir informasjon i figuren under.

1

INNHEENTE DATA

Det vart utarbeidd eit felles skjema for å samle inn funksjons- og arealbehov. I denne kartlegginga ønskja ein også innspel på:

- Sambrukspotensial
- Planleggingshorisont
- Tidsbehov
- Personkapasitet

Det vart og gjennomført fleire møte for å samle innspel med eit breitt utval av interessentane.

2

SAMANSTILLING OG KATEGORISERING AV INNSAMLTA DATA

Innsamla data vart samanstilte og kategoriserte. I denne prosessen har vi ønskt å synleggjere gevinst av deling på tvers av organisasjonar og romtypar.

3

KVALITETSSIKRING AV SKJEMAET I LAG MED PARTNARANE

For å sikre at alle data i skjemaet er korrekte har prosjektleiinga hatt fleire gjennomgangar og justeringsrunder i lag med dei ulike partnerane og i dei ulike fagmiljøa. Resultatet er presentert og gjennomgått i arbeidspakke 1, arbeidsutvalet og prosjektgruppa.


AP 2

TILGJENGELEG AREAL I EKSISTERANDE BYGG PÅ VIE

Skaffe ei oversikt over kva eksisterande areal i Anga og på Høgskulen som vert ledig og potensielt kan nyttast til fellesarena.

OPPGÅVER

- Kartlegge kva areal som vert tilgjengeleg i Anga etter byggjinga av Nye Førde Sjukehus.
- Kartlegge kva areal som kan frigjerast på HVL til fellesbruk.
- Funksjonaliteten til romma.



Frigjering av areal: Samlokalisering vil kunne frigjere noko areal hos Helse Førde og HVL. Dette gjev nokre spennande mogelegheiter som prosjektet ønskte å sjå nærmare på, og valde difor i AP 2 å kartlegge kva som vart tilgjengeleg av areal i dei eksisterande bygga på Vie. Spesielt var fokuset på Angabygget, og prosjektet har hatt tett dialog med organisasjonsutviklingsprosjektet i Helse Førde som arbeidde med omplassering av dei tilsette ved innflytting i Nye Førde Sjukehus.

Metode

For å svare ut direktivet, har vi henta inn data frå aktuelle organisasjonar, samanstillt og kategorisert innsamla data og kvalitetssikra skjemaet i lag med partnerane. Meir informasjon i figuren under.

1

INNHEMTE DATA

Det vart utarbeidd eit felles skjema for å skaffe oversikt over:

- Tilgjengeleg areal i Angabygget etter innflytting i Liva/Svana.
- Kva areal som vart fristilt i HVL og HFD ved etablering av ein fellesarena og flytting av funksjonar frå dagens plassering.
- Om det fristilte arealet kan nyttast til å dekke andre fellesbehov og om arealet er eigna til ombygging.

2

SAMANSTILLING OG GJENNOMGANG AV SKJEMA

Skjemaet vart sendt ut til HVL og Helse Førde og vart fylt ut av organisasjonane kvar for seg før ein samla informasjonen i eitt skjema og gjekk gjennom innspela.

3

Plassering av funksjonar

Vi har nytta funna frå arbeidspakke 2 til å plassere og prioritere areal i dei ulike bygga som skal fungere som fellesarena.

AP 3

FINANSIERINGSMODELLAR OG JURIDISKE VURDERINGAR FOR BYGG

Presentere ulike modellar for finansiering av ei felles satsing på Campus Vie, og gjere juridiske vurderingar av desse.

OPPGÅVER

- Undersøke korleis andre samanliknbare prosjekt har finansiert si samlokalisering.
- Undersøke finansieringsordningar for å realisere vår samlokalisering (ikkje nettverk og drift).
- Presentere eit oppsett som viser ulike alternativ.



Prosjektet skulle vurdere finansieringsgrunnlag og –modellar for ein fellesarena. Dette skulle skje innanfor eksisterande budsjetttrammer i organisasjonane. Helse Førde har nytta seg av arkitektkompetanse for å gjennomføre ei mogelegheitsstudie av Angabygget. Vedtak gjort i styringsgruppemøte 20. desember 2023 om at prosjektet i sitt vidare arbeid berre skulle sjå på Angabygget med nybygg aust for dette, førte til færre alternativ som skulle vurderast. Sidan Helse Førde både eig Angabygget og tilrådd tomt til nybygg, vert det eit enklare scenario både finansielt og juridisk. Ansvar for investeringar i rehabilitering av Angabygget og nytt bygg i tilknytting ligg hos Helse Førde. Med bakgrunn i dette har prosjektet klart å framstille eit estimat over kostnadar knytt til ei rehabilitering av Angabygget og realisering av eit nybygg som møter dei innspelte behova.

Metode

I denne arbeidspakken har vi berre hatt fokus på finansiering av fellesarena og bygg. For å svare ut direktivet, har vi gjennomført møte internt i Helse Førde og med deltakarane i arbeidspakke 3.

1

INNHEITE INFORMASJON

I prosjektperioden har vi henta informasjon om:

- Organisasjonsform og eigarstruktur i samanliknbare satsingar
- Dømer på leigeavtalar

2

INNHEITE KOSTNADSESTIMAT

Helse Førde søkte om Enovamidlar for gjennomføring av ein mogelegheitsstudie av Angabygget. I denne bestillinga fekk vi:

- Kostnadsestimat for ulike grader av rehabilitering
- Kostnadsestimat for nybygg
- Status for bygningsmessig kvalitet
- Oversikt over potensiell miljøgevinst ved rehabilitering

3

LEIGEINNTEKTER FRÅ PARTNARANE

Med utgangspunkt i funna frå AP 1 og dei kartlagte funksjonane har vi laga ei grovskisse for å estimere leigeinntekter.


AP 4

SAMHANDLING OG NETTVERK

Presentere alternativ for løysingar på organisering av samarbeidet.

OPPGÅVER

- Kartlegge interesse for eit nettverk/ ei klynge.
- Kartlegge kva organisasjonar som kan passe inn i heilskapen
- Sjå på kva rolle og aktivitetar eit slikt nettverk/klynge skal ha.
- Sjå på finansieringsmodellar og organisasjonsform for drift av samarbeidet.



Arbeidspakke 4 har arbeidd med kompetansemiljø og attraktivitet. I tillegg til ein konkret fellesarena, kan eit styrka kompetanse- og innovasjonssamarbeid vere positivt for rekruttering til regionen. I lys av trendar og føringar skildra i kapittel 2, har prosjektet kartlagt interessa for eit tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeidsnettverk i Sogn og Fjordane. Vi har informert og involvert ulike miljø; utdanning, kommunal sektor, næringsliv, virkemiddelapparat, investeringsmiljø og ulike organisasjonar.

Metode

Det har vore høg utadretta informasjons- og involveringsaktivitet for å bli kjent med andre tilsvarende satsingar i Noreg og starta kartlaggning av kva organisasjonar i vår region som ønskjer å ta del i ei eventuell klyngeetablering. Meir utfyllande om dette i figuren under.

1

INFORMASJONSINNHEITING OG INTERESSENTKARTLEGGING

Prosjektperioden har vore nytta til å hente inn erfaringar frå tilsvarende satsingar gjennom omvisningar, presentasjonar og teamsmøter.

Gjennom møter og idémyldring med prosjektgruppa, arbeidsutvalet og arbeidspakke 4 kartla vi aktuelle samarbeidsaktørar og laga ei interessentanalyse. Denne la grunnlaget for det vidare informasjons- og involveringsarbeidet.

2

INFORMASJONS- OG INVOLVERINGSAKTIVITET

Det har vore gjort eit stort arbeid med å informere og involvere ulike miljø og aktørar i heile Sogn og Fjordane. Nokre av aktivitetane som er gjennomført:

- Møter
- Workshop
- Telefonsamtaler
- Signering av intensjonsavtalar

3


HELSEFAGLEG KUNNSKAPS- OG NÆRINGSKLYNGE

Med grunnlag i innspela frå dei involverte, har arbeidspakke 4 saman med Kunnskapsparken Vestland utarbeidd:

- Forslag til føremål
- Utkast til mål og handlingsplan med fokusområde og aktivitetar
- Utkast til budsjett og finansiering av eit oppstartsprosjekt

Involvering

I starten av prosjektet vart det utarbeidd ein involveringsplan og ei interessentanalyse. Dette arbeidet har lagt grunnlag for det vidare prosjektarbeidet. Omfanget av interessentanalysen var stor, og sjølv om prosjektet har fått snakka med mange er det fortsatt miljø vi ikkje har nådd. Ein stor del av prosjektet handla om å samle inn informasjon og erfaringar frå andre tilsvarande aktørar samt å skaffe oversikt over kva fagmiljøa og brukarane ønskjer seg av Campus Vie. Derfor var prosjektet avhengig av brei involvering. Vi kategoriserte interessentane i fem grupper og planla korleis vi skulle nytte oss av dei. Figuren under syner dei fem gruppene av interessentar og figuren til høgre syner korleis vi planla å nytte oss av dei ulike gruppene.



Inspirasjon, kunnskap og involvering

Hente kunnskap og samle innsikt for å kartlegge aspekt som sikrar at vi dekkjer framtidige behov. Dette for å ivareta potensielle brukarar av eit attraktivt og framtidsretta helsecampus på Vie.

Involverte grupper: Fagekspertar og inspirasjonskjelder



Informere

Gjere informasjon om prosjektet lett tilgjengeleg. Det vil vere ulike informasjonskanalar avhengig av kven som skal nåast.

Involverte grupper: Fagekspertar, sluttbrukarar, beslutningstakarar og tillitsvalte



Sikre formell medverknad

Sikre forankring hjå studentar og tilsette gjennom involvering av tillitsvalde og verneombod.

Involverte grupper:
Tillitsvalte



Forankring og rapportering

Rapportere framdrift og sikre forankring hjå aktuelle beslutningstakarar.


Involverte grupper:
Beslutningstakarar

Prosjektet sine ambisjonar er av ein slik storleik at det vil ha påverknad både for partnarane og samfunnet rundt. Det var derfor nødvendig å sørge for god informasjon om arbeidet både internt og eksternt. Det vart utarbeidd ein kommunikasjonsplan. Det aller meste av kommunikasjonsarbeidet har vore gjennom direkte møte og workshops. God informasjon undervegs har bidrege til at fleire har fått høve til å komme med innspel, følt seg involvert og gitt sterkare eigarskap til arbeidet med å utvikle ein fellesarena på Vie.

03

EIN ATTRAKTIV FELLESARENA FOR FRAMTIDA

- 3.1 Funksjons- og arealbehov
- 3.2 Plassering og finansiering
- 3.3 Tilrettelegging for samarbeid



Tilbake til oversikta

Med Angabygget som utgangspunkt

Angabygget ligg plassert midt mellom HVL og HFD og er derfor eit godt og sentralt utgangspunkt for å starte opp realiseringa av ein fellesarena.

Forprosjektrapporten lista opp fem alternative løysingar, der tre vart tilrådde at ein skulle sjå vidare på i eit hovudprosjekt. I prosjektdirektivet for hovudprosjektet står det slik:

Vurdere alternativa i forprosjektet, og kombinasjon av desse:

- *vidare utvikling av / framtid for Angabygget*
- *nybygg på parkeringsplassen aust for Angabygget*
- *nybygg på parkeringsplassen vest for HVL-bygget*

Forprosjektet peika på Angabygget med nybygg aust for Angabygget (eigd av HFD) som det mest realistiske alternativet som fellesarena på relativt kort sikt. Breidda i funksjons- og arealbehov er stor, og det vil ikkje vere mogleg å realisere alt på same tid. Prosjektet har gjort ei prioritering av organisasjonar og funksjonar, og delt vegen vidare inn i ulike fasar som vert presenterte under tilrådingar.

Undervegs i prosjektet vart partnerane samnde om å sjå vekk frå alternativet med nybygg på parkeringsplassen vest for HVL-bygget, og sette alt fokus på Angabygget og eit nybygg knytt til dette. Denne avgjersla er med bakgrunn i ei totalvurdering som omfattar argument knytt til: økonomi, berekraft, flaumsikring, tidsperspektiv og nærleik til sjukehuset (pasientar og studentar i praksis).



The background image shows a storage room with white shelves. On the shelves are several medical training mannequins, including adult and child-sized ones, some in blue gowns. A red fire extinguisher is visible on one of the shelves. In the background, there is a doorway leading to another room with medical equipment.

3.1 Funksjons- og arealbehov

Innspelte funksjonsbehov


Gjennom kartlegginga og kvalitetssikringa er det meldt inn behov knytt til funksjonane under. Funksjonane er delt inn i seks kategoriar.

SIMULERING/ FERDIGHEITSTRENING	FELLESFUNKSJONAR	KONTORPLASSAR/ MØTEROM	UNDERVISNINGSROM	SPELALROM	AKTIVITETSSENTER
Sengepostrom	Toalett	Studentadministrasjon	Storstove/auditorium	Utstillingsrom helse- og velferdsteknologi	Basseng
Sluse mellom akuttrom og operasjon	Garderobar med toalett og dusj	Studentarbeidsplassar med skjerm	Klasserom	Makerspace/skaparvekstad (verkstad for prototyping o.l.)	Aktivitetssal (gymsal)
Akuttrom	Teknisk rom	PhD-plassar	Grupperom/ kollokvierom	Innovasjonsverkstad/prosjektpl anlegging/ forbetningsverkstad	Lager i tilknytning til aktivitetssal
Skyllerom	IKT-rom	Arbeidslandskap	Kursom med PC/datalab	Test og piloteringslab	Lungelab
Heimemiljø	Reinhald	Stille lesesal		"Helsemottak"	Treningsrom / Pusterom
Vaktrom	Bibliotek	Kontorplassar		Forskningsareal	Behandlingsrom
Ferdighetsrom	Gangbru/tunell	Personalrom/kjøkken		KI-lab	Kurs- og konferanseaktivitet
Medisinrom	Kantine/kafé	Møterom for 2-4 personar/multirom		Læringslab eks. studio	Klatrevegg
Psykisk helse	Avfallsrom	Møterom for over 5 personar/grupperom		Studio for bilete og lydopptak	Trampolinerom
Avfallsrom	Lager	HVL Skape		VR-brillebibliotek	Gamingrom/VR-rom
Barn/kuvøse	Avfallsstasjonar				VR-rom pasient/forsking
Operasjonsstove	Oppbevaringsskap				Utandørs aktiviseringsarena
Kontrollrom/ observasjonsrom	Heis				Sanserom
Tøylager	Trapp				Stillerom
Forbruksvarelager	Skranke/servicefunksjon				Kino
Debriefrom	Kopirom				Garderober med toalett og dusj
Lager dukker/modellar/ medisinsk teknisk utstyr o.l.	Sosiale soner				
Kommunikasjonssentral	Gangareal				
Skap med digital styring					
Disseksjonsrom					

Funksjons- og arealbehov per romkategori



Funksjons- og arealbehov mellom organisasjonane



Tala er oppgitt i brutto-netto mix. Det er i prosjektet utarbeidd eit omfattande dokument med oversikt som funksjons- og arealbehov.

*SYS IKL har samarbeidsavtale om simulering med Helse Førde og deira behov for areal blir ivareteke av Helse Førde.

Funksjons- og arealbehov med og utan sambruk

Økonomiske og miljømessige gevinstar ved sambruk


Ved sambruk på tvers av organisasjonar og romtype vil ein kunne klare seg med langt færre kvadratmeter enn om partnerane skal ha kvar funksjon hjå seg og om ein treng ein romtype til kvar funksjon.



Ved sambruk vil areal kunne nyttast i større grad og ein unngår at store delar av bygget er energikrevjande utan at det er i bruk.



Sambruk gjer at partnerane får tilgang til eit større areal, fleire funksjonar og kan dele kompetanse og kostnader.



Felles senter for simulering og ferdighetstrening

Mangel på helsepersonell i kombinasjon med ei rivande teknologisk utvikling vil føre til eit større potensial for å ta i bruk simulering for læring, både på individuelt nivå og i team. Dette er i tråd med forventingane i nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023¹². Planen vektlegg også vidareføring av arbeid med å redusere uønskt variasjon og skape ein kultur for sterkare deling av kunnskap mellom kommunar og sjukehus.

Stor grad av sambruk

Gjennom kartlegginga i AP 1 såg vi eit stort sambrukspotensial i etablering eit felles senter for simulering og ferdighetstrening. Alle partnarane har meldt inn konkrete behov, og gjort ein grundig gjennomgang og vurdering i fellesskap. Frå eit totalt behov på om lag 1200 m² utan deling, så kan ein klare seg med 631 m² ved sambruk. Eit moderne simulerings- og ferdighetssenter bør vere fleksibelt og ha nok lagerkapasitet. Det er ikkje utenkeleg at noko av dette arealet også kan sambrukast med andre behov som til dømes habilitering og rehabilitering i eit aktivitetssenter. Eit slikt senter vil ha pasientretta aktivitet og må difor også ligge tett på resten av drifta til sjukehuset.

Praksisgjennomføring

Det er ei nasjonal utfordring å få dekkja behovet for praksisplassar, og det pågår eit arbeid på nasjonalt nivå for å sjå på om ein kan erstatte deler av praksis med simulering og ferdighetstrening. EU-direktivet²⁰ som regulerer kva som kan vere godkjent praksis, er veldig strengt. Slik det er i dag, seier EU-direktivet at praksis ikkje kan erstattast av simulering, ferdighetstrening eller andre læringsformer på studiestaden. Eit felles simulerings- og ferdighetssenter for partane i Campus Vie-prosjektet plassert i Helse Førde sitt bygg og tett på sjukehusdrifta, vil kunne gjere til at simulering og ferdighetstrening i framtida kan gjelde som pålagt praksis. Sunnfjord kommune har i vertskommunemøte med Helse Førde formidla eit aukande behov for simuleringsfasilitetar til studentar i kommunal praksis og tilsette i primærhelstenesta.


Styrking av VR-miljøet gjennom sambruk

I eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Førde og HVL i 2022/2023 vart det sett nærmare på korleis partnarane kunne få auka nytteverdi og skape meir synergi gjennom deling av ressursar og kompetanse ved bruk av VR-teknologi til ulike føremål. Eit av områda som peika seg ut var VR-briller til ferdighetstrening både for studentar, tilsette og pasientar under rehabilitering.



12: Helse og omsorgsdepartementet, «[Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023](#)»

20: Regjeringen, Europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF av 7, «[Om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner](#)»



Felles senter for simulering og ferdighetstrening – del 2

Felles administrering

Prosjektet ønskte å lage ein god oversikt over tidsbruk per organisasjon, men har ikkje klart å skaffe nok informasjon til dette. Sambruk av senteret vil kreve god administrering, men grunna størrelsen på senteret meiner prosjektgruppa det vil vere minimalt med konflikt i bruk. Ein må likevel vere ekstra merksam på at utdanningane og behova til helsesektoren har ulik planleggingshorisont, og i periodar vil utdanningsinstitusjonane ha liten grad av fleksibilitet og deira studentaktivitet må då få prioritet. Dette er løysbart med god felles organisering. Nøkkelpersonane for simulering- og ferdighetstrening bør ha kontor i det nye senteret. Desse personene bør også fungere som kontaktpersonar og koordinere aktiviteten i senteret. I tillegg til fagpersonar vil det vere ein fordel om partnerane tilset ein labansvarleg eller studentassistentar som til ein kvar tid har ansvaret for at areala er rydda og klargjorde til neste brukar.

Til nytte for mange i regionen

Gode tilbod til etter- og vidareutdanning er viktig framover både for å rekruttere og halde på helsepersonell. Eit større senter for simulering og ferdighetstrening kan bety noko ekstra for vår region og vere av interesse for fleire enn partnerane i Campus Vie-prosjektet. Prosjektleiinga har vore i dialog med Fagskulen Vestland som ser positivt på satsinga, og er opne for at det kan vere aktuelt for deira samlingsbaserte utdanningar å leige lokala. Ein kan ikkje utelukke at det er fleire utdanningsaktørar som også kan vere interesserte. Kommunehelsetenesta i Sunnfjord kommune og resten av regionen treng å sikre fagutvikling og kompetanseheving for sine tilsette, og eit lokalt simuleringssenter vil vere verdifullt.

Ein flaskehals for utviklinga av norsk helseindustri er å få testa og verifisert løysingar i samspel med helsepersonell og i relevante miljø. I eit innovasjonsperspektiv vil senteret også ha stor verdi som test- og piloteringsareal for næringslivet.

Strategisk bra for regionen

Prosjektgruppa meiner ei satsing på eit større felles simuleringssenter og ferdighetssenter vil skape meirverdi for studentar og tilsette, men også for ei breiare brukargruppe/interessentgruppe. Dette vil vere ei strategisk god satsing som kan styrke helsefagleg utdanning, forskning og innovasjon i regionen.

Frå 0 til 100 i eit aktivitetssenter

Etter inspirasjon frå Energisenteret for Barn og Unge i Bergen, som er eit unikt konsept i Noreg, vart det spelt inn eit ønske om å få etablert eit tilsvarande aktivitetssenter i Førde, men i mindre skala og med ei målgruppe som spenner frå 0-100 i alder.

Need to have og smart to have

Prosjektgruppa har i prosjektperioden operert med begrepa «need to have» og «smart to have» og har landa på at eit aktivitetssenter vil vere «smart to have» mellom anna fordi det kan løfte rehabiliteringstilbodet i regionen og ein kan hente ut eit forskings og innovasjonspotensial ved ei samlokalisering av forskingsmiljøet og den kliniske aktiviteten i eit aktivitetssenter. Ein av fleire naturlege aktørar innanfor eit aktivitetssenter vil vere Helse Førde si avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering. Gjennom å nytte den korte avstanden mellom eksisterande avdeling og ein ny fellesarena vil ein kunne kople aktivitetane saman og sambruke behandlingsrom og utstyr.

Målet med eit aktivitetssenter

Aktivitetssenteret skal jobbe for at personar med særskilde behov skal få oppleve auka meistring og fellesskap gjennom fysisk aktivitet. Senteret vil styrke oppfølginga av mange ulike pasientgrupper både innan somatikk og psykiatri. Senteret skal også vere ein arena for forskning og innovasjon og for samhandling mellom ulike aktørar som jobbar med å fremje fysisk aktivitet, meistring og kompetansebygging med pasienten i fokus.

Tverrfagleg samspel

Senteret bør jobbe på tvers av klinikkar, avdelingar og seksjonar på sjukehuset, og ha eit tett samarbeid med eksterne aktørar knytt til primærhelsetenesta, utdanning/arbeidsplass, idrett og kultur.

Eit engasjerande konsept

Areal til aktivitetssenter er i hovudsak spelt inn av fagmiljøa på rehabiliteringsfeltet i Helse Førde. Mogleighetene eit slikt senter vil gje, og kva forskjell det vil gjere for regionen, er nok litt nytt for mange. I eit av prosjektgruppemøta presenterte leiar ved Energisenteret for barn og unge, Lars Peder Bovim, litt om kva dei arbeidde med, korleis satsinga gjekk frå ein draum til realitet og om organiseringa av arbeidet fram til bygget dei har i dag. Presentasjonen skapte engasjement og interesse i prosjektgruppa.

Målgrupper for ei slik satsing

Gjennom engasjement og interesse for ei slik satsing har barnelege ved Helse Førde, Anders Bjørkhaug, gjort eit arbeid og tankar rundt kven eit slikt senter kan vere til nytte for. Han omtalar mellom anna desse gruppene; innlagde pasientar, kronikarar, friske med funksjonsnedsettingar og friske personar med risiko for sjukdom.



Riksrevisjonen om rehabilitering i helse- og omsorgstenesta

Målet med undersøkinga til Riksrevisjonen var å sjå på tenestetilbodet til pasientar som har behov for rehabiliteringstenester og finne forklaringar på og konsekvensar av eit mangelfullt tilbod. Dei konkluderte mellom anna med at mange pasientar ikkje får dei tenestene dei har behov for og at samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetetenesta ikkje fungerer til det beste for pasientane¹¹. Ei etablering av eit aktivitetssenter, gjerne i kombinasjon med ein fellesarena, kan potensielt legge betre til rette for meir samhandling og føre til eit betre persontilpassa tilbod og tettare kopling mellom dei ulike profesjonane som følgjer opp pasienten.

Aktivitetssenter – ikkje berre til pasientbehandling

Eit aktivitetssenter kan vere til stor nytte for rehabiliteringsfeltet i tillegg til at det kan fungere som ei storstove, vere eit tilbod til studentar og tilsette og ikkje minst vere ein god arena for forskning og innovasjon.

Forsking, innovasjon og teknologi

Med nærleik til pasientar og behandlings- og diagnostiseringsutstyr kan det bli enklare for både forskings- og innovasjonsmiljø og næringslivet å kunne utvikle og teste løysingar for framtida. Eit aktivitetssenter med mykje forskingsaktivitet kan også bidra til rekruttering av studentar og fagfolk.

Aktivitetssal og storstove

Prosjektet har arbeidd med å leite etter potensial for sambruk innanfor dei innspelte behova slik at ein kan få realisert funksjonar ein elles ikkje kunne prioritert. Både HVL og Helse Førde har meldt inn eit behov for ei storstove som kan nyttast til samlingar, konferansar, undervisning eller studieoppstart. Ved å plassere ein uttrekkbar tribune som kan romme 200 personar i ein aktivitetssal, kan ein klare å realisere både ein aktivitetssal med klatrevegg og ei storstove på 220 m².

Eit tilbod til studentar og tilsette

I lista til høgre presenterast funksjonane som er spelt inn til eit aktivitetssenter. Eit av punkta som er løfta fram, er eit treningsrom/pusterom. Investeringa i eit slik rom vil også kunne komme studentar og tilsette til gode. Det kan vere eit godt arbeidsmiljøtiltak å opne for at treningsrommet og aktivitetssalen kan nyttast av studentar og tilsette på ettermiddag og kveldstid. Spesielt vil dette vere eit godt tilbod til dei tilsette som jobbar døgnvakter og ikkje har høve til å reise frå sjukehusområdet.

INNSPELTE FUNKSJONSBEHOV TIL EIT AKTIVITETSSENTER

- Basseng
- Aktivitetssal (gymsal)
- Lager i tilknytning til aktivitetssal
- Lungelab
- Treningsrom/Pusterom
- Behandlingsrom
- Kurs- og konferanseaktivitet
- Klatrevegg
- Trampolinerom
- Gamingrom/VR-rom
- VR-rom pasient/forskning
- Utandørs aktiviseringsarena
- Sanserom
- Stillerom
- Kino
- Garderobe med toalett og dusj

Aktivitetsdag for beinamputerte

Godt etablerte protesebrukarar i 70-åra deltok. Med assistanse frå Førde klatresenter og fysioterapeut frå HFD, vart toppen nådd på tredje forsøk. Klatreveggen er 12 meter høg. Foto: Jeanette Svarstad, HFD.





45

Tilsette med tilhald
i Førde

715

Tilsette i heile
organisasjonen562 m²Innmeldt arealbehov i
Campus Vie-prosjektet

Helse Vest IKT – ein medspelar vi vil ønskje velkomen

Gjennom involveringsarbeidet peika det seg ut ein aktør som vil passe godt inn i heilskapen til kompetansemiljøet på Vie. Helse Vest IKT presenterer eit av dei sterkaste IT-miljøa i Sunnfjord og med sine nær 45 tilsette vil deira fagkompetanse komplettere satsinga. Helse Vest IKT (HVIKT) er eigd av Helse Vest RHF, og leverer tenester til dei offentlege sjukehusa i Helse Vest. HVIKT har som mål å innføre teknologi som gjer pasientbehandlinga på sjukehusa tryggare og meir effektiv og vil såleis passe godt inn i fellessatsinga ein ser føre seg på Vie.

Nærleik til det kliniske

I dag held HVIKT til i Førdegården, men ser etter nye lokaler, og vil gjerne kome tettare på sjukehuset og dei dei leverer tenester til.

Kopling mot forskning og innovasjon

Det aller meste av forskings- og innovasjonsaktivitet inkluderar bruk av data og teknologi. HVIKT er ein viktig samarbeidspart i mange av prosjekta. Med teknologi som eit av dei prioriterte områda for å kunne søke om regionale innovasjonsmidlar er det ønskjeleg å legge til rette for eit forsterka samarbeid lokalt.

Kopling mot studentretta aktivitet

Ei flytting til Vie kan også gje ein positiv effekt for rekruttering og legge grunnlaget for eit tettare samarbeid med HVL Campus Førde sine ingeniørstudentar innan IKT og automasjon.

Utdanning, forskning og innovasjon

Vi har på dei føregåande sidene presentert nokre av funksjonsbehova vi meiner bør inn i ein fellesarena. I tillegg til desse er det viktig å gi høg prioritet til Vestlandslegesatsinga og areal til utdannings-, forskings- og innovasjonsaktivitet. For å sikre meir areal som kan sambrukast og byggje kultur for deling, har prosjektet fokusert på behov som fleire av partnarane har bruk for. Med dette fokuset kan vi oppnå meir aktivitet på tvers av fagmiljø allereie på eit tidleg stadie i satsinga på ein fellesarena.

UiB og Vestlandslegen

Satsinga Vestlandslegen har vore ein katalysator for heile prosjektet. Prosjektet meiner at partnarane bør prioritere behova til Vestlandslegen høgt sjølv om den planlagte oppstarten med nye studieplassar i medisin i Førde er avhengig av ei tildeling av studieplassar over Statsbudsjettet. Prosjektet oppstart av Vestlandslegen med studentar i Førde er sett til hausten 2030.

Undervisningsareal

Både studentar og tilsette ved HVL har spelt inn behov for ulike typar undervisningsareal. HVL arbeider med å utvide studietilbodet ved Campus Førde og vil med høgare aktivitet også få behov for fleire klasserom, grupperom og arbeidsplassar for studentane. Ved å gjennomføre ein del studentretta aktivitet i ein fellesarena, kan ein klare å knyte tettare band mellom utdanning og arbeidslivet, noko som vil vere ein vinn-vinn-situasjon for begge parter.

Undervisningsareala kan sambrukast mellom alle organisasjonane til møte- og kursaktivitet, prosjektaktivitet og til etter- og vidareutdanning.

Forskning og innovasjon

Eit anna høgt prioritert område i fellesarenaen er forskning og innovasjon. Fleire av dei nasjonale føringane og planane peikar på forventningar om:

- samarbeid mellom helseføretaka og næringslivet
- at ein skal styrke den norske helsenæringa gjennom mellom anna; test og pilotering, kliniske studiar, klyngesamarbeid, helseteknologi og persontilpassa medisin og tilgang og bruk av helsedata
- enklare tilgang til helsedata av god kvalitet til helseforskning og stimulering av innovasjon
- samarbeid mellom spesialist- og primærhelsetenesta

Vi har planlagt for forskings- og innovasjonsareal fleire stadar i fellesarenaen for å ivareta ulike fag- og funksjonsbehov.

Klyngeaktivitet og inkubatorplassar

Partnarane har som mål å styrke kompetansemiljøet, auke innovasjonskrafta og gjere det attraktivt å ta utdanning og jobb i Sogn og Fjordane. Ein fellesarena aleine er ikkje nok fordi det er ein stor grad av gjensidig avhengigheit til resten av samfunnet for å oppnå dette. Det ligg eit uforløyst potensial og store gevinstar i meir tverrfagleg og tverrsektorielt samspel. Regionen har fleire små og store bedrifter som utviklar og leverer innovative løysingar til helsesektoren. Ei helseklynge med raus delingskultur kan bidra til auka rekruttering, styrka kompetansemiljø og meir verdiskaping i vår region.

Aktivitet i ei slik klynge er ikkje avhengig av realisering av ny fellesarena, men vil på same tid dra stor nytte av fasilitetane og kompetansen i den framtidige satsinga på fellesareal og derfor er det fornuftig at ein klyngeleiar får ha hovudsete i fellesarenaen. Leiaren og fellesarenaen bør vere eit nav for koordinering av klyngenettverket.



3.2

Plassering og finansiering

Aktivitet i alle bygg

Prosjektgruppa var opptekne av å finne realiserbare løysingar både med tanke på kostnader, tidsperspektiv, miljøaspekt, flyt mellom funksjonar, nærleik til organisasjonane og aktivitet i alle bygg, for slik å leggje godt til rette for å byggje ein vi-kultur.

I prosjektdirektivet vart biblioteket peika på som ein funksjon til fellesarena. Biblioteket har ein sosial funksjon som er like viktig som sjølve bibliotekfunksjonen. Både studentar og tilsette på HVL er tydelege på at dei ønskjer biblioteket der det ligg no - også i framtida. Nytt sidan forprosjektet er Læringslaben til HVL, som har mykje teknologisk utstyr og kompetanse på bruk av utstyret. Helse Førde har allereie samarbeidsavtale med HVL om bruk av bibliotektenester, og prosjektgruppa meiner det vil vere ein god modell om partane inngår samarbeidsavtalar med HVL for tilgang til Læringslaben framfor kjøp av eige utstyr. Dette vil vere god samhandling og ressursbruk, som kan bidra til høgare aktivitet og fleire uformelle møtepunkt som trekk folk til seg. Om vi legg til rette for aktivitet i fleire bygg, vil folk få lyst til å bruke fellesareala uavhengig av bygg og slik oppnå flyt av studentar og tilsette mellom alle bygga.

Eit samla fagmiljø

Sjølv om det ikkje er lang avstand mellom ulike bygg på Vie, så mister ein likevel den naturlege daglege kontakten når det forskingsfaglege miljøet har kontor i to ulike bygg, slik som i dag. Prosjektgruppa har eit ønskje om å sikre eit samla fagmiljø. Den optimale løysinga i framtida vil vere å kunne gå tørrskodd mellom dei ulike bygga, og prosjektet tilrår at det vert jobba med å finne løysingar for dette. Fram til eit nytt bygg kan stå klart, så er det ei løysing å midlertidig plassere seksjon for forskning og innovasjon i HFD over i HVL bygget i lag med resten av HVL sitt forskingsmiljø, som i dag har kontor i Angabygget.



Illustrasjon av Angabygget med eit nytt tilbygg på parkeringsplassen aust for Anga (Nordic Office of Architecture).

Eksterne leietakrar


Med denne satsinga får heile regionen eit løft for helsefagleg utdanning. Fasilitetane i senteret for simulering og ferdigheitstrening vil kunne vere aktuelle for fleire enn partnarane. Sunnfjord kommune har allereie samarbeidsavtale med Helse Førde på simulering. Dersom ein får ledig kapasitet, vil fleire av kommunane og andre frå utdanningssektoren i Sogn og Fjordane kunne leige areala til samlingsbasert undervisning.

Inga tid å miste

Det er lagt ned eit omfattande arbeid med å plassere og faseinndelegge funna frå kapittel 3.1 inn i ulike bygg. Ein slik fellesarena bør bli eit attraktivt kraftsenter som heile regionen kan dra nytte av med tanke på utdanning, forskning og innovasjon. I lys av utfordringsbiletet i helsesektoren og nedgang i søkjartal til studia, så bør ikkje partnarane vente for lenge med å gjere tiltak. Med Angabygget som utgangspunkt og vilje til å sjå fellesarena som fellesskap i ulike bygg på Vie, meiner prosjektgruppa det kan vere mogleg å realisere satsinga relativt raskt.

Moglegheitsstudie

Helse Førde har fått eit arkitektfirma til å gjennomføre ei moglegheitsanalyse av Angabygget, bygg knytt til dette og eit eventuelt nytt bygg. Dette legg premisser for Angabygget si framtid. Om vi rehabiliterer, tilpassar og moderniserer Angabygget til felles nytte, vil våre framtidige lokale også få ein positiv ombruksprofil, som er gunstig for omdømet til fellessatsinga. Moglegheitsstudien skildrar konsekvensane av ulike val både med tanke på kva som er økonomiske fornuftige val og kva dei miljømessige konsekvensane er. Estimerte kalkylar og skisser for ulike alternativ vert presenterte i dette kapitlet.



Illustrasjon av Angabygget med eit nytt tilbygg på parkeringsplassen aust for Anga (Nordic Office of Architecture).

Fordelar ved å ta i bruk Angabygget



EIT LEDIG BYGG

Etter planen fristillast det meste av Angabygget når Helse Førde flyttar sine tilsette i samband med at Livabygget takast i bruk hausten 2024. Når Angabygget er tømt, kan Helse Førde frigjere bygget til andre føremål.



KLINIKKNÆRLEIK

Angabygget er kopla saman med Svanabygget, og det er dermed lett tilkomst til klinisk drift.




ØKONOMI

Rehabilitering vil vere rimelegare enn eit nybygg.



NÆRLEIK TIL HVL

Angabygget ligg sentralt plassert mellom sjukehuset og HVL sitt bygg. Ved å flytte inngangen til den nordlege sida på den austlege fløyen av Angabygget, vil avstanden bli endå kortare og opplevast endå nærmare.



SIRKULÆRØKONOMI

Det er stadig strengare krav til miljø, avfallshandtering og gjenbruk. Ved å restaurere og gjenbruke eit eksisterande bygg, viser partane at vi ønskjer å vere ansvarlege aktørar, som vektlegg miljø og klimaavtrykk i handlingane våre.




TIDSPERSPEKTIVET

Når Angabygget fristillast i løpet av 2024, er det klart for rehabilitering. Det betyr at delar av fellessatsinga kan realiserast innan få år.

Angabygget med nybygg


Plan 0 Vest
Helse Vest IKT



Plan 0 Aust
Diverse sambruksareal,
innovasjonsverkstad,
HVL Skape og klyngekontor




Plan 0 nybygg
Teknologilabar og
diverse




Plan 0


Plan 1 Vest
UiB - Vestlandslegen



Plan 1 Aust
Senter for simulering
og ferdighetstrening



Plan 1 nybygg
Aktivitetscenter med
meir



Plan 1

Utkast til planteikningar av Angabygget med eit nytt tilbygg på parkeringsplassen aust for Anga, plan 0 og 1 (Nordic Office of Architecture).

Utkast til planteikning av Angabygget med eit nytt tilbygg på parkeringsplassen aust for Anga, plan 2 (Nordic Office of Architecture).

Mogelegheitsstudie av Angabygget

Helse Førde søkte om og fekk innvilga støttemidlar frå Enova for å dekke delar av ein mogelegheitsstudie av Angabygget og nytta seg av rammeavtalen med Norconsult AS for gjennomføring av denne. Arkitektleverandør er Nordic Office of Architecture.

Bestillinga i mogelegheitsstudien var;


- gjennomføre ei vurdering av bygningsmessig kvalitet på Angabygget
- vurdere kor eigna Angabygget er for ønska funksjonar/tiltenkt føremål som kontor og undervisningsbygg
- skissere bygge- og klimakostnadar ved tre ulike grader av rehabilitering
- enkle skisser av ei potensiell rominndeling og nybygg

For å svare ut bestillinga, har arkitektane skissert ut to alternativ som vist i figuren til høgre.

Funn frå mogelegheitsstudien

Prosjektet har i dialog med arkitektane spelt inn funna frå arbeidspakke 1. Dei har gjort ei vurdering av tilstanden på Angabygget opp mot ønska funksjonar og konkluderer slik:

«Angabygget er funksjonelt egnet for de ønskede funksjonene og det tiltenkte formålet som kontor- og undervisningsbygg. Angabygget anses å ha god fleksibilitet mtp bæresystemet som tillater ulike romkonfigurasjoner».



Prisestimat og klimagassrekneskap

Ei av oppgåvene frå prosjektdirektivet var å lage finansieringsgrunnlag og modellar for eit eventuelt framtidig nybygg.

Gjennom mogelegheitsstudien har vi fått estimert klimagassrekneskap og kostnadar knytt til;

- tre ulike grader av rehabilitering av Angabygget
- nytt bygg som supplement til Angabygget
- rive Angabygget og byggje nytt bygg

Arkitektane og ingeniørane tok utgangspunkt i ein rapport frå ei kartlegging som Helse Førde gjennomførte i 2023 og har delt rehabilitering av Angabygget inn i tre alternativ;

- 1) Tung ombygging: Gjenbruk kun av råbygget.
- 2) Moderat ombygging: Råbygget og delar av klimaskalet gjenbrukast. Ny planløyising og alt teknisk anlegg skiftast.
- 3) Lett ombygging: Behalde så mykje som mogeleg av bygget som det er. Hovudfokuset blir på overflatebehandling.

Klimagassrekneskapen og prisestimat presenterast i tabellane til høgre.



	Alternativ 1			Alternativ 2
	A: Tung ombygging	B: Moderat ombygging	C: Lett ombygging	Rive Anga og bygge nytt for å dekke behov
Priskalkyle rehabilitering Anga (kroner)	243 833 326	173 727 273	104 349 596	576 136 838
Nytt bygg som supplement til Anga (kroner)	288 036 000	288 036 000	288 036 000	
Utandørs (kroner)	11 521 596	11 521 596	11 521 596	11 521 596
SUM:	543 390 922	473 284 869	403 907 192	587 658 434
Årleg energikostnad (1,5 kr/kWh)	835 303	835 303	835 303	2 829 937
Nytt bygg som supplement til Anga, årleg energikostnad (1,5 kr/kWh)	1 358 370	1 358 370	1 358 370	
SUM:	2 193 673	2 193 673	2 193 673	2 829 937



	Alternativ 1			Alternativ 2
	A: Tung ombygging	B: Moderat ombygging	C: Lett ombygging	Rive Anga og bygge nytt for å dekke behov
Klimakostnad (kg CO2e)	518 448	259 224	103 690	3 167 198
Nytt bygg som supplement til Anga (kg CO2e)	1 435 142	1 435 142	1 435 142	
SUM:	1 953 590	1 694 366	1 538 832	3 167 198

Tala er henta frå mogelegheitsstudien levert av Nordic Office of Architecture.

Finansiering

I styringsgruppemøtet 20. desember 2023 vart det vedteke at prosjektet i sitt vidare arbeid berre skulle sjå på Angabygget med tilbygg aust. Sidan Helse Førde eig både Angabygget og tomta til eit nybygg, vert det eit enklare scenario både finansielt og juridisk enn det opprinneleg prosjektdirektivet som peika på fleire alternativ.

Gjennom mogelegheitsstudien gjort av Nordic Office of Architecture har vi fått estimert kostnadar knytt til rehabilitering av Angabygget, eit tilbygg til Angabygget og eit eventuelt nybygg som erstattar Angabygget.

Rehabilitering og nybygg vert ei investering som Helse Førde må finansiere med sikkerheit i langsiktige leigeavtalar med partnarane og eventuelle andre partar som kan ha interesse av å leige i framtida. UiB med Vestlandslegen og Helse Vest IKT vil vere aktuelle leigetakarar med definerte behov for lokale innan relativt kort tidsramme. Helse Vest IKT sin noverande avtale har eitt års oppseiingstid. Om dei bestemmer seg for å flytte, kan dei vere klare for å flytte inn i januar 2026. Begge organisasjonane vil vere stabile leigetakarar som kan gje tryggleik til styret i Helse Førde for å tørre å investere i rehabilitering av Angabygget og eit nybygg.

Den utstrakte grada av sambruk av areal på tvers av funksjonar og organisasjonar gjer det krevjande å utarbeide ein enkel og rettferdig fordelingsnøkkel for leige. I eit tenkt scenario med;

- leigepris på 3 500 kroner/m² (inkludert kostnadar knytt til forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling, FDVU)
- året er 2030
- alle tilrådte bygg er tekne i bruk
- funksjonsplassering blir slik prosjektet tilrår

Estimert forslag er presentert i tabellen til høgre. Det er naturleg at leigeinntektene kjem frå ein kombinasjon av leige av særareal og kostnadsfordeling på sambruksareal. Det vil vere naudsynt med regelmessige evalueringar av sambruket for å finne ein god fordelingsnøkkel, som tar høgde for bruksgrad.

Estimert leigepris per m² (BTA): 3 500 kroner

ANGABYGGET 2030		
	Sum m ² :	Årlege leigeutgifter per organisasjon 2030:
HFD	1 180	4 130 000
UiB	1 000	3 500 000
HVL	1 000	3 500 000
HVIKT	1 000	3 500 000
Klynge	20	70 000
Sum m ² :	4 200	
Årleg leigeinntekt 2030:		14 700 000

NYBYGG - SUPPLEMENT TIL ANGABYGGET 2030		
	Sum m ² :	Årlege leigeutgifter per organisasjon 2030:
HFD	1 870	6 545 000
UiB	100	350 000
HVL	1 600	5 600 000
HVIKT	0	0
Klynge	30	105 000
Sum m ² :	3 600	
Årleg leigeinntekt 2030:		12 600 000

Årleg leigeinntekt 2030 Anga og nybygg som supplement til Anga:	27 300 000
---	-------------------

Eit estimat på potensielle leigeinntekter.

Fordelar og ulemper med dei ulike alternativa – ei oppsummering





3.3

Tilrettelegging for samarbeid

Drift og system

Stor grad av sambruk har mange positive sider, men vil naturlegvis også by på utfordringar. Organisasjonane har sine egne primærbehov og interesser som skal ivaretakast, og strukturar og system for administrering vil vere forskjellige. Dette må takast på alvor allereie frå oppstart. Vi ønskjer at satsinga skal føre til eit «sticky campus» som trekk til seg folk; både studentar og tilsette frå ulike fag.

Tilgang for alle

Bygga vi skal inn i, har i dag ulik grad av system for tilgang med nøkkelkort. I framtida må vi leggje til rette for at alle partar kan nytte areala i store deler av døgnet. Partnerane må også einast om felles bookingsystem og gå saman om å lage husregler for fellesareala. Det er nærliggande å forvente litt innkøyringstid, men gevinsten ved sambruk vil truleg vere større enn ulempene.

Utstyr, IT-system og lisensar

Partnerane bør også vurdere kjøp av likt utstyr og om ein kan ha felles lisensar på t.d. programvare til VR-brillene. Det vil gjere det enklare for dei som skal gje support og for bruk i fellesskap når alle kjenner det same systemet. I kursrom med PC kan det vere behov for ulike dockingstasjonar, slik at ein uavhengig av kva organisasjon ein kjem frå, berre kan plugge inn sin eigen laptop og få raskt tilgang på nett. IT-ansvarleg i Helse Førde har stadfesta at dette er ei grei løysing som ivaretek IKT sikkerheit for alle.

Felles support og tilrettelegging

I prosjektmøta har vi diskutert behovet for dedikerte folk til å følge opp dagleg bruk. Det er ønskjeleg med felles personell som sikrar at t.d. Innovasjonsverkstaden, VR-brillene, teknologirom og senteret for simulering og ferdigheitstrening til ein kvar er ryddig og klar til neste som skal bruke areala. Dette kan vere fast tilsette i kombinasjon med studentassistentar. Felles support-tenester har ein samlande verdi og gjer det enklare å få til eit godt samspel.

Driftsgruppe

Det er ønskjeleg med etablering av ei eiga driftsgruppe som får ansvar for å lage felles husreglar, system for booking og koordinering av bruk og fordelingsnøkkel i dei ulike romma. Utdanningssektoren må ha prioritet i simulering- og ferdigheitstrening i visse periodar grunna obligatorisk undervisning og gjennomføring av eksamen. Det bør vere 2 årlege planleggingsmøte som legg hovudplanane eit halvt år fram i tid, og som samtidig legg til rette for at det også er fleksibilitet i deler av areala til kortare planleggingshorisont. Prosjektgruppa er optimistiske på at dette skal vi klare å få til.

Felles identitet og kultur for samhandling

Organisasjonskultur omfattar dei felles verdiar, normer og verkelegheitsoppfatningar som utviklar seg blant medlemmane i ein organisasjon. Organisasjonskulturen vil påverke vår adferd, og når no fleire organisasjonar skal jobbe i lag, så må vi vere medvitne at vi kjem inn i partnerskapen med ulike kulturar, subkulturar og tankesett²¹. Difor er det ekstra viktig at leiinga planlegg og legg til rette for at alle skal kjenne tilhøyre til fellesarenaen som likeverdige partnarar heilt frå oppstart, og gjennom sin omtale av satsinga bidreg til å skape haldningar som fremjer ei vi-kjensle.

Vaffelsteiking

Det er smart å leggje til rette for gode og inspirerende fysiske miljø som fremjer samhandling. Prosjektgruppa meiner fellesarenaen treng eit samlingspunkt rundt t.d. ein kaffibar der det er plass til uformelle møteplassar og der ein kan ha mellomstore arrangement. Regelmessige lågterskelarrangement med raske presentasjonar, som t.d. formidling av pågåande prosjekt kombinert med vaffelsteiking to fredagar i månaden, er enkle, men effektive grep for å skape tilhøyre og bryte ned grenser mellom fag og folk.

Vilje til å gje for å få

Det å bygge ein sterk kultur for deling, samhandling og innovasjon, vil vere viktig for å oppnå suksess. Vi kan ønske oss det, jobbe for det, men det er mange faktorar som skal spele på lag for å nå målet. Dette må vere ei strategisk satsing, som er godt forankra i leiinga hos alle som deltek, og ein må være villig til å gje for å få. I tillegg må slikt modnast, så vi må ha tålmod og jobbe målretta steg-for-steg. Ein av føresetnadane er i alle fall å bringe folk saman for å skape dei gode formelle og uformelle møtepunktta.



Vaffelfredag på Eitri innovasjonssenter i Bergen.

Foto: Tone Skår - prosjektleiar Eitri / avdelingsleiar Vestland Norwegian Smart Care Cluster

21: Store norske leksikon, «[Organisasjonskultur](#)» av Ingvild Sagberg, 18.04.24.



Felles identitet og tilhøyre

Prosjektgruppa er oppteken av identitet og tilhøyre. Dette er noko som ein kan byggje opp gjennom felles god tilrettelegging og profilelement i fellesarenaen.

Berit Angelskår frå Alrek Helseklynge poengterte den samlande krafta dette med symbolbruk har for fellesskapet i sin presentasjon for prosjektgruppa. Dei opplever det som veldig nyttig med symbolbruk for å promotere aktivitet og fellesskap. Ved Alrek har den raude inngangen til sykkelgarasjen blitt eit naturleg punkt for samling og fotografering.

Arkitektane poengterar behovet for både ei estetisk og teknisk oppgradering for å skape ein attraktiv arbeidsplass.

«Det bør legges vekt på å skape tiltalende sosiale soner, samt å sikre lys og transparens i korridorene. Dette vil bidra til å skape et positivt miljø som fremmer samarbeid og innovasjon innen forskning, læring og praksis. En fin flyt mellom funksjonene i Angabygget og i tilbygget oppnås ved å plassere simuleringscenteret i Anga og aktivitetssenteret i tilbygget».

I prosjektet har vi diskutert tilkomst og verdien av å kunne gå tørrskodd mellom miljøa. Dette er ikkje så lett å oppnå på kort sikt, men gjennom arkitektonisk tilrettelegging, kan ein korte ned avstanden mellom bygga ved å lage ein ny hovudinngang på Angabygget slik at denne vender mot HVL-bygget. Det vil gje ei sterkare kjensle av nærleik.

04

OFFENTLEG SEKTOR
NÆRINGS LIVET
UTDANNING OG FORSKNING
INNBYGGJARAR



VERDISKAPANDE SAMSPEL I SOGN OG FJORDANE

- 4.1 Kva gjer dei andre stadar?
- 4.2 Ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge
- 4.3 Felles profil og identitet

Tilbake til oversikta



Meir enn nyttig ressursbruk

Dei fire partnerane har stor grad av samarbeid med samfunns- og næringslivet i regionen. Med nasjonale forventningar til at det er ei felles oppgåve å finne gode løysingar for framtida, så har prosjektet gjennom arbeidspakke 4 teke initiativ til å etablere ei helseklynge for heile Sogn og Fjordane. Arbeidet med dette er presentert i kapittel 4.

Deling av areal og fasilitetar handlar om mykje meir enn fornuftig ressursbruk. Ein attraktiv fellesarena vil kunne få stor betydning for utvikling og verdiskaping i regionen, og gje meirverdi utover dei konkrete funksjonane dei skal stette.

Gjensidig avhengigheit

Partnerane i prosjektet er gjensidig avhengige av kvarandre for å levere god kvalitet på sine respektive samfunnsoppdrag og mål. Helsetenestene i Sogn og Fjordane er i ei demografisk knipe som berre kan løysast i lag med eit utvida fellesskap mellom utdanningsaktørane, spesialisthelsetenesta, kommunane, frivillig sektor og næringslivet i Sogn og Fjordane. Sluttbrukarane av dei løysingane som skal skapast, må alltid vere i fokus. Dette er tungt vektlagt i ulike former for innovasjonsmetodikk. Quadrupel helix-modellen er ein innovasjons- og samarbeidsmodell med eit sluttbrukarperspektiv som skildrar gjensidig avhengigheit²².

Ei kjerne i open innovasjon er bruk av quadruple helix-modellen der aktørar frå offentleg sektor, næringsliv, akademia og sivilsamfunnet jobbar i lag for å samskape framtida og drive strukturelle endringar utover kva dei ulike aktørane kan gjere aleine. Når alle deltakarar forpliktar seg til å jobbe saman for å nå eit felles mål, kan ein samle seg om ressursbruk og alle partar vil bevege seg raskare, samtidig som ein delar risiko²³.



Illustrasjon av Quadruple Helix Model²².

Attraktivt og framtidsretta

Målet er at fellesarenaen vert eit nytt kraftsenter for kunnskap og nyskaping der ein kan tilby utdanning av fagleg høg kvalitet i gode og framtidsretta lokale. Lukkast vi med det, så kan satsinga gje ein tilleggsdimensjon med auka attraktivitet for rekruttering av både studentar og tilsette til studiar og ulike arbeidsplassar i heile regionen.


«Campusutvikling handlar om den faglege aktiviteten på campus og skal sjåast i samheng med administrativ organisering og det å etablere fysiske areal for samhandling med samfunns- og næringsliv».

Frå campusutviklingsrapporten, 2021⁵

22: Värmland County Administrative Board. «[A Quadruple Helix Guide for Innovations](#)» Interreg North Sea Region project.

23: Mark Anthony Camilleri m. fl. [Creating shared value through open innovation approaches: Opportunities and challenges for corporate sustainability](#).

Verdiskapande samspel



Ein tverrfagleg X-faktor

Koplinga mellom helse- og teknologifag er eit stort fortrinn som HVL Førde må ta godt i vare og vidareutvikle. Hausten 2023 tok tilsette ved HVL Campus Førde eit fagleg initiativ for jamnlege møtepunkt mellom teknologifaga og helsefaga ved HVL og Helse Førde. Målet med møtepunktta er å stimulere til fleire fellesprosjekt innan forskning, utdanning, innovasjon og tenesteutvikling/forbetring; prosjekt kor helse og teknologi i vid forstand står sentralt. Desse møtepunktta tilbyr ein lågterskelinngang og ein uformell stad der ein kan diskutere alt frå idear til etablerte prosjekt av ulik storleik. I regi av initiativtakarane vert det mellom anna arrangert ein lokal intern minikonferanse i juni 2024. I tillegg har HVL i februar 2024 tilsett ein person som skal jobbe dedikert med å koordinere det tverrfaglege arbeidet innan digital helse på tvers av alle HVL sine campus.

Studentar – framtidens endringsagentar


Utvikling og behovet for endring i arbeidslivet skjer raskare enn nokon gong, og på same tid veit vi at det vil skje raskare i framtida. Store samfunnsutfordringar i helse- og omsorgstenestene er avhengige av at nyutdanna har kunnskap om tverrfagleg samarbeid, endring og innovasjon. Mange framtidige løysingar vil vere knytte til teknologisk utvikling og koplingar mellom tenesteinnovasjon og teknologi. Årleg arrangerast det ein innovasjonsdag ved HVL Campus Førde der sjukepleie- og ingeniørstudentar får ei helsefagleg utfordring dei skal lage ei løysing på i lag. Dette er god trening i samskaping, og slike tverrfaglege studentaktivitetar bør ein sjå meir av i framtida.

HVL Skape er HVL si satsing på studententreprenørskap, som legg til rette for innovasjonsaktivitet og rådgjeving til studentar ved alle campus. Døme på aktivitet er kræsjkurs i innovasjonsmetodikk, temaarrangement med eksterne, informasjon om finansiell støtte, brubygging til relevante samarbeidspartnarar for student-bedrifter og mykje meir. Relevansen i HVL Skape sine arrangement aukar når fagmiljø og arbeidsliv bidreg inn med faglege utfordringar. Det kan vere fornuftig å kople HVL Skape-tilsette tett på fellessatsinga gjennom til dømes etablering av kontor tett attmed klyngeleiar og innovasjonsverkstaden i fellesarenaen.

Ein framtidig fellesarena samt ei aktiv helseklynge i Sogn og Fjordane vil kunne vere ein positiv katalysator for meir tverrfagleg samskaping også internt i HVL. I ein slik smeltedigel av kunnskaps- og næringsaktørar, vil fleire fagleg relevante studentoppgåver og prosjekt kunne oppstå.

Tverrfagleg leikeplass

Alle partnarane i Campus Vie-prosjektet har innovasjonsarbeid som viktig strategisk satsing, og er alle involverte i mange lokale, regionale og nasjonale innovasjonsprosjekt gjennom ulike former for innovasjonspartnarskap. For mange av våre tilsette er det likevel slik at omgrepet innovasjon er ukjent, framand og noko ein ikkje kjem bort i dagleg. Ein ny fellesarena på Vie vil kunne bidra til ein sterkare innovasjons- og samhandlingskultur. I eit slikt fellesskap kan ein, i tillegg til faste kontorplassar, ha gode kreative møterom i ulike storleikar, felles utstyr, hotdeskplassar, stillerom, forskingsareal, skaparverkstad, rom for test- og piloteringsarbeid og mykje meir. Ein tverrfagleg leikeplass som trekk til seg folk, er eit godt utgangspunkt for å styrke det helsefaglege innovasjonsarbeidet i regionen.



Prototyping av robotbilar før RobotRACE 2023. Både sjukepleie- og ingeniørstudentar og tilsette deltok. Foto: Gro Rukan, HVL Skape Førde.

Eit internasjonalt forskingsmiljø i vekst

Den største arbeidsgjeveren i Førde og regionen, er Helse Førde med sine om lag 3000 tilsette. HVL i Førde ligg som nærmaste nabo til Sentralsjukehuset, og med dette som utgangspunkt har ein dei siste 40 år bygd opp eit tett og nært samarbeid om kompetanseutvikling.

To universitet i 2030

HVL Førde med sin yrkesretta og tverrfaglege profil, har ei særleg orientering mot arbeidslivet i regionen, og denne profilen vert viktig også når Høgskulen vert Universitet i 2025. I distriktsområde som Sogn og Fjordane med lange geografiske avstandar er det likevel «kort veg» mellom utdanningane og arbeidslivet, noko som er eit fortrinn for å kunne etablere forskingsrelaterte fellesprosjekt. Kompetansemiljøet på Vie vil om få år også bli utvida når medisinstudium ved Det medisinske fakultet ved UiB skal tilby studentar og ta dei tre siste studieåra i Førde. Vestlandslegesatsinga er eit spennande supplement til det helsefaglege forskingsfellesskapet i Førde.

Anvendt forskning

Helseforskning Sogn og Fjordane er eit samarbeid mellom HVL og Helse Førde, og ein berebjelke i forskingsaktiviteten på Vie. Forskingsmiljøet har stor tyngde innan forskning på persontilpassa oppfølging gjennom digitale løysingar, og har gjennom sin forskning motteke prisar og utmerka seg både nasjonalt og internasjonalt. Dei siste åra har det vore ei auke i tall PhD-stipendiatar på Vie, og mange av desse kjem frå andre land enn Noreg. Eit mangfaldig og inkluderande fagmiljø med tverrfagleg profil og mange nasjonalitetar er eit sunnheitssteikn som også er bra for vidare rekruttering. Nyleg mottok forskingsprosjektet Norse Impact 20 millionar kroner frå Pilot Helse-programmet til Forskringsrådet.

«Pilot Helse er ei utlysing av midlar til ambisiøse innovasjonsløp som skal bidra til berekraft i helse- og omsorgstenestene og samtidig verdiskaping i norsk helsenæring. Saman skal private og offentlege aktørar utvikle gode løysingar som når raskare ut til pasientar og innbyggjarar»⁴⁶.



Styrka samspel til felles nytte

Dei venta utfordringane i helsesektoren er så store at dei må løysast i fellesskap, så samhandling er viktigare enn nokon gong. Då vert det ekstra viktig å byggje god kultur for kunnskapsdeling og erfaringsutveksling for å leggje til rette for meir verdiskapande samspel.

Eit styrka forskningssamarbeid

Forskningsarbeid medfører kompetansekrav som det kan vere vanskeleg å møte for små miljø, og å drive forskning krev i tillegg eit vesentleg støtteapparat og nettverk, som kan vere krevjande for mellom anna kommunane å opprette og ivareta kvar for seg. Kommunesektorens organisasjon (KS) har etablert eit kunnskapssystem for kommunane; KSF – Kommunanes strategiske forskingsorgan. Dette er eit nasjonalt arbeid, og under KSF Vest region Sogn og Fjordane vil det bli tilsett ein ressurs i 50 % som skal styrke infrastrukturen for forskning for kommunane i regionen.

Sjølv om organisasjonane på Vie er store arbeidsplassar i Sogn og Fjordane, så er forskingsmiljøa våre relativt små. Gjennom fleire kombinerte stillingar har HVL og HFD klart å få til sterkare administrativ og forskingsfagleg støtte gjennom fellessatsinga Helseforskning Sogn og Fjordane.

Bruke ressursar på tvers

Nasjonal helse- og samhandlingsplan seier at ein må sjå på nye organiseringsformer der kompetanse og ressursar blir brukte på tvers av kommunar og sjukehus¹⁰. Mange av forskingsprosjekta i Helseforskning Sogn og Fjordane har allereie kommunal deltaking, så mykje ligg til rette for ei tettare kopling mellom KSF Vest og Helseforskning Sogn og Fjordane. Dette vil kunne styrke vidare satsing på helseforskning både for spesialist- og primærhelsetenesta, og vil i tillegg vere med på å styrke det forskingsfaglege fellesskapet innan helseforskning i Sogn og Fjordane.



Workshop hos HVL 16. okt. 2023. Tema er meir tverrfagleg samarbeid mellom helse- og teknologifag. Foto: Gro Rukan, HVL Skafe.



Innovative i lag

Helseinnovasjon

Interessa for helseinnovasjon er aukande over heile landet. Både private mindre aktørar, verkemiddelapparatet, etablert næringsliv, organisasjonar og større offentlege aktørar er opptekne av å vere med å skape framtidens helsetenester. Det ligg nasjonale føringar og forventningar til at næringslivet skal vere med å skape løysingar i helsesektoren. Helseindustrien er peika på som ein viktig eksportnæring for Noreg, og offentlig sektor er bedne om å leggje til rette for meir samarbeid med næringslivet. Prosjektgruppa meiner fellesarenaen vil vere viktig for å bidra til endå meir innovasjonsaktivitet og næringslivssamarbeid.

Næringslivssamarbeid

Vilja til å bidra til utvikling av regional helsenæring er stor hos alle partnerane i Campus Vie-prosjektet. Vi har allereie litt erfaring på område, og jobbar for å bli enno betre. Det er ei auke i tal bedrifter som tek kontakt for å etablere prosjektsamarbeid og som ønskjer samarbeid om test- og pilotering av sine løysingar.

Nettverk og positiv merksemd

Gjennom Helseinnovasjonskonferansen har Helse Førde og medarrangørane*, jobba for å skape ein tverrfagleg møteplass for alle med interesse for innovasjon i helse og auke fokuset på dette feltet. Konferansen har på kort tid etablert seg som ein nasjonal arena, som har bidratt til viktige nettverk og positiv merksemd for innovasjonsaktiviteten i vår region.

* HVL, Kunnskapsparken Vestland, Sunnfjord Utvikling, KS, NHO, e-helse Vestland, Innovasjon Noreg, Forskingsrådet og Norwegian Smart Care Cluster

Utvikle løysingar

Dei seinare åra har fleire spennande løysingar blitt til gjennom gode idéar frå tilsette i Helse Førde. Nokre er store prosjekt, som lever vidare i regi av Helse Førde, og andre har teke steget ut og etablert selskap. Eit utspring frå forskning på persontilpassa oppfølging er selskapet Norse Feedback, som sel digitale løysingar baserte på denne forskinga, og har etablert 14 arbeidsplassar i Førde. Ein annan innovasjon som har breidd seg nasjonalt er det app'en Pust Deg Bedre, som er utvikla av ein spesialfysioterapeut i Helse Førde for å hjelpe kronisk lungesjuka.

Vegvisarane

Det kan vere krunglete å ta ein idé til vidare utvikling, og alle partnerane har tilsette som skal hjelpe. Helse Førde har laga ein nettressurs for å hjelpe folk med ein god idé til å finne vegen vidare og få oversikt over dei ulike moglegheitene. Denne ligg på helseforskning.no. For å hjelpe innovatørar, er det viktig med eit godt støtteapparat internt, men mange vil også trenge hjelp for å ta nye innovative løysingar ut i marknaden. Kunnskapsparken Vestland har forretningsutviklarkompetanse og er kommersialiseringshjelpar for både Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet i Sogn og Fjordane.

HVL Skape og studententreprenørskap

Eit dynamisk forskings- og innovasjonsmiljø må vere ope og attraktivt både for tilsette og studentar. Fellesarenaen bør ha eit lågterskeltilbod med hotdesk-plassar for studentar som jobbar med eigne innovasjonsidear. Ein treng ikkje mange plassar, men dette kan likevel gje positive ringverknadar for HVL Førde som attraktiv studiestad der studentane får ta del i fagleg relevante innovasjonsmiljø.

Ønskje gründerar velkomne

Ein framtidig fellesarena vil gje endå betre rammer og strukturar for innovasjons-samarbeid på tvers av offentlege og private aktørar. Det vil vere fornuftig å etablere nokre inkubatorplassar i areala slik at gründerar kjem tettare på klinikken og dei ulike kompetansemiljøa.

Klynge som verktøy

Prosjektgruppa har teke initiativ til å kartlegge interessa for å få etablert ei helseklynge i Sogn og Fjordane. Initiativet er godt motteke av både næringsaktørar, interesseorganisasjonar, privat-, offentlig- og frivillig sektor i Sogn og Fjordane.


Ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane kan vere eit godt verktøy for å legge til rette for meir samskaping. Klynga vil binde i hop lokale miljø og samarbeide tett opp mot dei nasjonale helseklyngene. I tillegg til å styrke kompetansemiljøa gjennom meir tverrfagleg samarbeid, kan dette også bidra positivt til omdømet og auke attraktiviteten for studentar og arbeidstakarar som kan tenke seg å søke seg til regionen.

Gjennom å tilby aktivitetar, kompetanse og fasilitetar, kan ei klynge legge til rette for å styrke det helsefaglege samarbeidet innan utdanning, forskning og innovasjon for helsesektor, akademisk, næringsliv og frivillig sektor i Sogn og Fjordane.

Det er viktig å påpeike at ei klynge ikkje er eit kontorfellesskap. Eit fellesskap gjennom eit samarbeidsnettverk som ei klynge, vil leggje eit viktig grunnlag for meir tverrfagleg samarbeid. Det er likevel fornuftig at ein klyngeleiar får ha hovudsete i fellesarenaen på «Campus Vie» for å dra nytte av kompetansen og ressursane som vert plasserte der. Leiaren og fellesarenaen bør vere eit nav for koordinering av klyngenettverket.

Tradisjon for samarbeid

I Sogn og Fjordane er det allereie lang og sterk tradisjon for samhandling mellom kommunar, helseføretak og utdanningsinstitusjonar. Gjennom å legge betre til rette for involvering av næringsliv og frivillig sektor også, kan vi få til kunnskapsdeling og samskaping i breiare forstand. Den allereie eksisterande samhandlingskulturen som ligg i Sogn og Fjordane er eit godt fundament og byggje vidare på i ei utvida kunnskaps- og næringsklynge.



Bilete frå workshop med alle einingsleiarane i helsetenesten, Sunnfjord kommune. Foto: Hilde Elvebakk Hjelmeland, HFD.

4.1

Kva gjer dei andre stadar?





INOVACARE



i4Helse



HelseINN

HelseCampus Stavanger

Haraldsplass Helsecampus

- Bygg er innovasjonsverktøy
dersom man gjør det riktig
Hans-Peter Daae, COO, Forskningsparken

FORSKNINGSPARKEN
OSLO SCIENCE PARK



Kva gjer dei andre stadar?

Prosjektet vart bedd om å sjå til tilsvarende fellessatsingar andre stadar i Noreg. Det har vore eit spennande og motiverande arbeid. Nokre har stor grad av deling av areal, medan andre har samarbeidsfellesskap på tvers av bygg eller også uavhengig av bygg. Representantar frå prosjektet har vore på besøk og/eller hatt digitale møte med ulike miljø; HelseCampus Stavanger, Haraldsplass Helsecampus, i4Helse, HelseINN, Bright House på Gjøvik, PARK gründer- og næringshus, Eitri, Forskningsparken i Oslo, Health2B og Aleap, Inovacare. I prosjektperioden vart det også kjent at ei ny regional helseteknologiklynge er under etablering i Trondheim. Denne klynga blir node til Norway Health Tech.

Inspirasjon frå Bergen

Berit Angelskår, klyngefasilitator i Alrek Helseklynge, og Lars Peder Vatshelle Bovim, leiar for Energisenteret for barn og unge ved Helse Bergen, deltok i to av prosjektgruppemøta. Dei gav oss innblikk i organisering av deira satsingar og fortalte om deira erfaringar med samdrift. Ekspertgruppe HELSE i Bergen Næringsråd har jobba med kartlegging av høve for auka samhandling mellom helseaktørar i Bergensregionen. Presentasjonane og rapporten som kom i november 2023, har gitt oss mykje innsikt og inspirasjon.



Nasjonale helseklynger





Diverse bilete frå besøk hos andre

Midten: Omvisning hos i4Helse (frå venstre: Gunnhild Berge Stang - Sunnfjord Utvikling, Tor Åge Fjukstad - NSCC, Gro Rukan - Campus Vie, Ann Camilla Schulze-Krogh – Forskings- og innovasjonsdirektør UiA, Elin Thygesen – leiar senter for e-helse UiA, Markus T. Hagli – stud.ass).

Nede venstre: kontrollrom i simuleringssenter på Haukeland.

Oppe høgre: Line Hurup Thomsen, leiar ved HelseCampus Stavanger viser fram kvardagslaben til Stavanger kommune

Nede høgre: FoU-lab på Hamar for VR-, AR- og MR-teknologi



Meir informasjon om kva dei gjer andre stadar

Det er ikkje heilt beint fram å samanlikne dei ulike aktørane fordi dei har ulik organisering og litt ulikt fokus. Nokre har liten grad av samlokalisering medan andre har det som utgangspunkt. Det er også eit skilje mellom reine kunnskapsklynger, næringklynger og dei som har ein blanda profil. Likevel så har alle éin ting til felles; samhandling for å skape betre tenester for helsesektoren i framtida.

Er du meir nysgjerrig på kva andre flinke aktørar får til? Vi har samla ein god del informasjon i eit eige appendiks bak i rapporten. Klikk på logoane eller gå bakerst i rapporten for å lese meir.

HelseINN



i4Helse

HelseCampus
Stavanger



Alrek helseklynge

INOVACARE



Organisasjonsmodell og finansiering hos dei ulike aktørane

Kven og kor	Organisasjons-form	Kor i landet	Eige/leige lokale	Finansiering
HelseCampus Stavanger	Prosjekt	Stavanger	- Leiger i Innovasjonspark Stavanger. - Partnerane leiger sine respektive areal. - Partnerane sambruker areal utan kostnad.	- Seks hovudpartnerar sikrar årleg grunnfinansiering - Eksterne kan leige fasilitetane til test og pilotering - Ikkje medlemsavgift - UiS sitt Universitetsfond og Stavanger kommune sitt vekstfond bidrog i oppstart
Alrek helseklynge (kunnskapsklynge)	Prosjekt	Bergen	- UiB eig bygget i Årstadvegen 17. - Dei ulike partane leiger areal av UIB.	- Samhandlinga baserer seg på eigeninnsats frå partane - Felles søknadar om eksterne midlar til prosjekt - Klyngefasilitator finansierte av UiB
HelseINN	Allmennyttig ideell foreining	Elverum, Hamar, Gjøvik og Lillehammer	- Leiger i ulike bygg der andre aktørar frå offentleg og privat sektor har kontor og areal. - Hovudkontor på Elverum i Terningen arena i lag med m.a. Forsvaret, Høgskulen på Innlandet, Sør-Østerdal næringshage, Terningen Innovasjonspark, NAV Hjelpemiddelsentral, Elverum håndball, m.fl.	- Helse Innlandet og Høgskolen på Innlandet bidreg med årleg grunnfinansiering. - Kommunar og andre partnerorganisasjonar betaler årleg avgift - Prosjekt- og arrangementstøtte frå t.d. Innlandet Fylkeskommune - Regionale innovasjonsmidlar Helse Sør-Øst – (bidrar i Helse Innlandet prosjekt) - Støtte frå Innovasjon Noreg sitt hubnode- program - Deltakaravgift på nokre arrangement
i4Helse	Aksjeselskap med eit ideelt og allmennyttig føremål	Campus Grimstad	- Leiger av privat aktør - UiA, Grimstad Kommune, Sørlandet Sjukehus, USHT, NSCC, m. fleire leiger kontor i i4Helse-bygget	- Heleigd av UiA per april 2024 - Gjort store investeringar i fasilitetar og utstyr - Krevjande å få inntekter frå utleige av fasilitetar – umoden marknad - Drifta til fellesaktivitetane i i4Helse-selskapet hadde dagleg leiar - Styreleiar (Forskiings- og innovasjonsdirektør ved UiA) sit førebels ved roret til ny organisering er vedtatt
HelseHub	Prosjekt	Drammensregionen	- Operer i eit partnerskap uavhengig av bygg. - Framtidige Drammen Helsepark (ein ny helsebydel i Drammen) er partner i huben.	Har mangelfull informasjon
Inovacare	Prosjekt driven av Kunnskapsparken Bodø	Bodø Linken eHelselab	LINKEN e-helselab (areal og utstyr) er bygd opp av Inovacare, men eigd av Nordlandsykehuset og Bodø kommune	- Grunnfinansiering av Nordlandsykehuset, Bodø kommune og Nordland fylkeskommune og regionale midlar frå Helse Nord - Eigeninnsats frå Nord Universitet til innhald i kurs. - Prosjektfinansiering frå m.a. Innovasjon Noreg og Forskiingsrådet

A photograph of three people in a modern office setting. A man with a beard and glasses, a woman in a grey hoodie, and another woman are all smiling and high-fiving each other. The office has large windows, modern furniture, and a bright, airy atmosphere.

4.2

Ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge

Ei kunnskaps- og næringsklynge i emning

Helseklynge i Sogn og Fjordane

Det er verdt å merke seg at små og store helseklynger er etablerte i store delar av landet, og i konkurranse om å trekkje til oss studentar og fagfolk, bør vi i Sogn og Fjordane ikkje henge etter. I oktober 2021 inviterte IT-Forum Vest til eit ope nettverksmøte på PEAK Sunnfjord for å sonde interesse for etablering av ei helseteknologiklynge i Sogn og Fjordane. Det var godt oppmøte og mange som applauderte initiativet, men ein har ikkje fått jobba vidare med ei realisering i regionen.

Dei fire partnarane i Campus Vie-prosjektet har stor grad av samarbeid med samfunns- og næringslivet i regionen. Med nasjonale forventningar til at det er ei felles samfunnsoppgåve å finne gode løysingar for framtida, har prosjektet, gjennom arbeidspakke 4, teke initiativ til å få etablert ei helseklynge for heile Sogn og Fjordane. Ei helseklynge vil vere med å skape merksemd mot våre kompetansemiljø og bidra til auka attraktivitet.

Stor støtte på kort tid

Campus Vie-prosjektet har no teke initiativ til å danne ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge for helsesektoren, academia, næringsliv og frivillig sektor i Sogn og Fjordane, og i lag med Kunnskapsparken Vestland har vi utarbeidd konkrete forslag til handlingsplan med føremål, fokusområde, aktivitetar og eit forslag til budsjett og finansiering. Det er også samla inn signerte intensjonsavtalar som ledd i interessekartlegginga. På kort tid har initiativet fått stor oppslutnad, noko som viser at det er ei brei interesse for å få etablert ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane. Forarbeidet som er gjort, vil gjere det enklare å komme raskt vidare med å søkje støtte til eit treårig prosjekt som kan forme klynga vidare i lag med andre.

Initiativet var løfta fram og diskutert som sak i Strategisk samarbeidsutval/Helsefelleskapet i Sogn og Fjordane, og dei gjorde følgjande vedtak: *Strategisk samarbeidsutval/Sogn og Fjordane helsefelleskap støttar opp om initiativet til å etablere ei kunnskaps- og næringsklynge for helsesektoren, academia, næringsliv og frivillig sektor i Sogn og Fjordane. Initiativet frå Campus Vie-prosjektet om ei kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane må sjåast i samanheng med KSF-arbeidet, og ein må sjå på korleis ein kan få til eit godt samarbeid kring forskning og innovasjon i kommunane i regionen.*

Aktiviteten til klynga er uavhengig av bygg, men det vil vere naturleg at ein ny fellesarena med moglegheiter for tett samhandling med kompetansemiljø, nærleik til klinikk og areal til test og pilotering vert base for ei slik klyngesatsing.



Norwegian
Smart Care
Cluster



Dei siste åra har vi i Norwegian Smart Care Cluster opplevd aukande aktivitet frå Sogn og Fjordane-delen av Vestlandet. Det er ekstra stas at både offentleg og privat sektor viser like stort engasjement og set fokus på innovasjon for å løyse utfordringar i helsesektoren. Det er allereie etablert fleire innovative bedrifter som hevdar seg både nasjonalt og internasjonalt. NSCC har sidan oppstarten av Helseinnovasjonskonferansen i 2019, vore med som medarrangør. Gjennom dette samarbeidet har vi fått erfare ei sterk drivkraft for kunnskapsdeling, god tradisjon for samarbeid og ein sterk vilje til nyskaping. Dette er eigenskapar utviklinga av ei helseklynge vil trenge. Vi meiner miljøa i Sogn og Fjordane har dei beste føresetnadane for å lukkast med å etablere ei regional helserelatert kunnskaps- og næringsklynge. Norwegian Smart Care Cluster støtter og heier på initiativet, og vi gler oss til å samarbeide vidare med dykk!

Arild Kristensen,
Dagleg leiar Norwegian Smart Care Cluster

Eit grunnlagsarbeid for å ta ballen vidare

Føremålet med klynga er å jobbe saman om å utvikle kunnskapsbaserte løysningar med utgangspunkt i utfordringar i helsesektoren i region Sogn og Fjordane. Dette gjer vi ved å styrke samhandlinga mellom utdanning, helsesektoren, næringslivet og interesse-organisasjonar. Klynga skal legge til rette for samarbeid gjennom gode møteplassar med tilgang til kompetanse og testfasilitetar. Vidare skal klynga bidra til auka attraktivitet og rekruttering gjennom å vise omfanget og variasjonen av forskings- og innovasjonsprosjekt i regionen.

Fokusområde	Føremål med fokusområde
Utvikling av klynga	Klyngeutvikling handlar om tilrettelegging av møteplassar, aktivitetar og medlemsrekruttering for å samle offentlege og private aktørar innan helse, utdanning og innovasjon. Det handlar også om å sikre ein berekraftig driftsmodell av klynga.
Formidling, synlegheit og rekruttering	Formidling, synlegheit og attraktivitet handlar om bli synleg som kunnskaps- og samarbeidsarena og om å skape auka attraktivitet for Sogn og Fjordane. Medlemmane sine FoU- og samarbeidsprosjekt skal fremjast og bidra til auka tverrfagleg samhandling.
Utdanning, forskings- og innovasjonsprosjekt	Utdanning, forsking- og innovasjonsprosjekt handlar om å skape interesse for utdannings- og karrieremoglegheiter i Sogn og Fjordane, og om å utvikle samarbeidet mellom forskningsmiljø og innovativt næringsliv, der klynga er ein felles arena for prosjektutvikling og kunnskapsdeling.
Kommersialisering	Kommersialisering handlar om å auke innovasjonsevna og satsinga på utvikling og kommersialisering av innovative helseløysingar både for gründerar og etablerte bedrifter, også innanfor offentleg og privat sektor.
Brukarmedverknad	Brukarmedverknad handlar t.d. om å sikre brukarmedverknad i alle prosjekt.

HELSEFORSKING SOGN OG FJORDANE

Helseforskning Sogn og Fjordane sin visjon er at vi i eit mangfaldig fellesskap skapar verdiar utover det ein person, eitt fag eller ein sektor greier å skape åleine. Verdiar for oss sjølve, for kvarandre og for andre. Dette har vore ei leiestjerne i heile historia til Helseforskning Sogn og Fjordane.

Skal kunnskap utvikla gjennom forskning få betydning, må det vere eit samspel med utdanning, tenestene, brukararar og med innovasjonsmiljø. Tettare kopling mellom teknologi- og helsefag vil vere naudsynt for å løyse utfordringane samfunnet og brukarane av helsetenestene står overfor.

Vi er heilt avhengige av at næringslivet andre fagmiljø ser nytten og moglegheitene i å jobbe saman med oss i helsesektoren for å utvikle nye produkt og tenester. Vi må starte med å leggje til rette for tverrfagleg samhandling allereie i studietida. Studentane er framtida!

Strukturar, nettverk og arenaer som legg til rette for samarbeid, er avgjerande for eit produktivt samspel mellom den viktigaste ressursen vi har – MENNESKA.

Vi erfarer også at gjennom at vi lokalt samlar oss, vert vi meir attraktive for samspel regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Helseforskning Sogn og Fjordane støtter opp om initiativet til etablering av ei helseklynge i Sogn og Fjordane slik at enno fleire vert del av VI-et!

*Marit Solheim,
Forskingsleiar, Helseforskning Sogn og Fjordane*



Litt klyngeteori

Klynger og livsfasar

Klynger går gjennom ulike livsfasar (Flatnes m.fl. viser til Feldman og Francis 2006; Isaksen 2011 i sin rapport)³⁰ og kan kategoriserast som ei klynge i gryande fase, vekstfase, moden fase og som ei klynge i nedgang og mogleg fornying.

Fokusområde i dei ulike fasane vil variere. Ei klynge i gryande fase vil naturleg jobbe mykje med regional og nasjonal forankring, nettverksbygging, kompetanseutvikling og finansiering, medan ei moden klynge som er etablert og stabil vil mellom anna ha fokus på å utforske tilstøytande interesseområder/marknader, internasjonalisering og fornying av attraktiv tenesteleveranse. Kompetansebehovet til klynga og klyngeleiinga vil naturleg kunne endre seg i løpet av klynga sin livsfase og kva utfordringar denne har.

Leiing og organisering

Leiing og organisering av klyngeprosjekt er viktige faktorar for å lukkast med klyngearbeid. Dette vert peika på i Agderforskning sin FoU-rapport nr. 6/2014 - Organisering og ledelse av klyngeprosjekt³⁰.

Korleis klynger vert organisert varierer. Det kan mellom anna innebære å vere knytt til eit innovasjonsselskap, bli ivareteke av ein aktør innan same bransje, vere etablert som ein sjølvstendig prosjektorganisasjon eller vere lokalisert i ein FoU-institusjon.

Rapporten til Agderforskning understrekar viktigheita av å ha tydelege grenser mellom klyngeprosjektet og vertsinstitusjonen i dei tilfella der den organisatoriske heimen er ein institusjon i same bransje som klyngeprosjektet. Det vert påpeika at ein «tre-språkleg» prosjektleiing med kompetanse og kjennskap innan næringsliv, akademisk og det offentlege er å føretrekke. Dette er viktig for utvikling av klynga og må takast omsyn til når organisatorisk heim skal veljast.



Rolla til klyngeleiar

Klyngeleiar sin rolle, fokus og oppgåver vil endre seg gjennom klynga sitt livsløp der kompetansebehovet må matche klynga sine utfordringar. Det er ønskeleg med ein klyngeleiar som er «tre-språkleg» med erfaring frå næringsliv, offentleg sektor og akademisk. Dette for å sikre relevante aktivitetar, eit dynamisk samarbeid og likeverd mellom partane i klynga.

Oppgåver for klyngeleiar

- Etablere og vedlikehalde gode strukturar for tverrfagleg- og tverrsektorielt samarbeid
- Etablere, tilby og vidareutvikle ulike tenestepakkar til medlemmane i nettverket

Døme på kva ein ser etter i ein klyngeleiar

- Tre-språkleg med erfaring/kompetanse frå ein eller fleire område (næringsliv, akademisk, offentleg sektor)
- Kunnskap om forskning, innovasjon, forretningsutvikling, kommersialisering
- Sterk relasjons- og brubyggjar
- God på nettverksbygging og på å skape møteplassar og formidle klynga sin verdi
- Evne til å tiltrekke seg fleksible ressursar og spisskompetanse frå andre aktørar
- Strategisk og visjonær
- Erfaring frå prosjektutvikling og leiing
- Erfaring med å utvikle og skrive søknadar
- Kunnskap om merkevarebygging og bruk av SOME
- Handlingsorientert og strukturert
- Kunnskap om verkemiddelapparatet og finansieringsmoglegheiter

Kjelde 30: André Flatnes, Jens Kristian Fosse, Harald Furre og Roger Normann. «[Organisering og ledelse av klyngeprosjekt](#)». Agderforskning, FoU-rapport nr. 6/2014.

Alternative organisasjonsformer for klynger

	+	-
Aksjeselskap	- AS har eit tydeleg styresett, ansvarsforhold og forpliktingar - Forpliktande eigarskap - Langsiktigheit	- Driftskostnadar med etablering og rapporteringar - Ressurskrevjande struktur med forpliktingar (tilsette, styre, myndigheiter mm.) - Kan risikere at selskapet treng lengre tid enn planlagt før oppnådd ønska aktivitet – binder opp ressursar - Tidleg definert eigarstruktur kan hindre brei tilslutning og rett fokusområde
Ideell organisasjon	- Skatteføredelar - Ufarleg, utgjer inga konkurransetrussel for aktørar - KAN vere unnateke meirverdiavgiftslova, MEN tenester vil vere avgiftspliktige	- Avgrensingar til å genere inntekt - Avhengig av donasjonar/tilskot - Regelverk
Prosjekt-organisering	- Fleksibel organisering - Liten risiko - Effektiv ressursallokering, kan tilpassast behov - Får validert prosjektets levedyktigheit	- Tidsavgrensa - Usikkerheit for tilsette

Døme på fellestenester, arrangement og aktivitet i ei regionale kunnskaps- og næringsklynge

- Fasilitering på tvers av miljø i oppstart på prosjekt
- Rådgevingskompetanse og kopling til forskning og klinisk miljø
- Støtte til søknadsskriving
- Tilgang på kommersialiseringshjelp og kapitalmiljø for grunderar
- Tilgang på test- og piloteringsarena for raskare utvikling
- Felles arrangement og møteplassar for studentar og tilsette
- Informasjonsarbeid om aktiviteten til klynga
- Utvikling samt kurs og kompetanseheving innan t.d. innovasjonsmetodikk og velferdsteknologi
- Tilgang på kompetanse og utstyr i eit moderne senter for simulering og ferdighetstrening




Bilete frå workshop med alle einingsleiarane i helsetenesten, Sunnfjord kommune. Foto: Hilde Elvebakk Hjelmeland, Helse Førde.

Forslag til prosjektorganisering av ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane

Kunnskaps- og næringsklynga i tidleg fase bør ha fokus på regional og nasjonal forankring, nettverksbygging, mobilisering, finansiering, og teneste- og kompetanseutvikling. Finansiering av klyngeaktivitetane i ein tidleg fase kan vere uføreseieleg og komme på ulike tidspunkt. Ein prosjektorganisering vil kunne leve med og allokere ressursar etter klynga sin økonomi. Ved etablering av ei juridisk eining på eit seinare stadium, vil det vere ein fordel for klyngepartnerane at klynga allereie er etablert og moden med stor oppslutnad og har føreseieleg finansiering, brei regional og nasjonal forankring og behovsretta tenester.

Klyngeleiar er viktig for å nå måla og resultat i strategi- og handlingsplan. Klyngeleiar har ansvaret for god organisering, og må ha en relasjonsbyggande leiarstil som gjer at det skapast ein sterk «vi-haldning» hos medlemmane med ein gjensidig og tillitsfull delingskultur. Det er viktig at klyngeleiar bidreg til rekruttering og sørgjer for ei brei og komplementær samansetjing av medlemmane i klynga, og for at det vert skapt engasjement og kontinuitet i styrings- og områdegruppene.



Forslag til prosjektorganisering for ei klynge (Kunnskapsparken Vestland).

Med bakgrunn i desse argumenta meiner arbeidspakke 4 det vil vere fornuftig å starte opp klynga organisert som eit prosjekt med følgjande roller og mandat:

Prosjektorganisering bør ha ei styringsgruppe på toppen, ein klyngeleiar med det daglege ansvaret, og områdeansvarlege med spisskompetanse i ulike grupper under.

- **Styringsgruppa** representerer klynge-initiativtakarane og partnerskapen/medlemmane for øvrig. Gruppa vedtek budsjett, prioriterar ressursbruk og vedtek strategiplan. Styringsgruppa møtast 2 gongar årleg og elles etter behov.
- **Klyngeleiar** har det daglege og operative ansvaret for klynga, og samhandlar med styringsgruppa i utvikling av strategi og handlingsplanar, følg opp avgjersler frå Styringsgruppa, utarbeider nødvendige prosjektplanar, følg opp prosjekt, søker midlar til klynga og rapporterer kvartalsvis til styringsgruppa. Klyngeleiar støttar seg til områdeansvarlege som har spisskompetanse innan klynga sine fag- og fokusområde. Medlemmane/partnarane bidreg inn i ulike delprosjekt.
- **Områdeansvarlege** med spisskompetanse i ulike grupper er viktige støttespelarar for klyngeleiar, og for å sikre relevans og aktivitet for alle fagområda.

Forslag til prosjektf finansiering av ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane

Helseklyngene i Noreg er organiserte og finansierte på noko ulikt vis. Dei fleste har ei grunnfinansiering frå nokre hovudpartnarar, i tillegg til offentlig støtte og inntekt frå medlemsavgifter. Ein god del av deira aktivitet er også støtta gjennom ulike underprosjekt. Summane på kva eit medlemskap/partnarskap kostar, varierer stort.

Prosjektgruppa sitt forslag er at ein i første omgang etablerer klynga som prosjekt og får finansiert opp ein treårig prosjektperiode. Korleis ei framtidig helserelatert kunnskaps- og næringsklynge skal finansierast og organiserast etter det, bør ein finne svar på i løpet av denne prosjektperioden og i samarbeid med medlemmane og partnerane i klynga.

Forslag til finansiering av treårig prosjektperiode

- grunnfinansiering frå initiativtakarane/hovudpartnarar
- søkje prosjektmidlar frå ulike aktørar
- medlemsavgift



Medlemsavgifta bør variere etter tal tilsette og type verksemd slik som t.d. betalingsmodellen til Norwegian Smart Care Cluster gjer.

EKSEMPEL PÅ KOSTNADER			
Fokusområde	2025	2026	2027
Utvikling av klyngen / nettverket			
Klyngeleiar lønn, inklusiv arbeidsavgiveravgift, reiser og aktiviteter	kr 1 500 000	kr 1 500 000	kr 1 500 000
Innleigd ekstern kompetanse til hjelp til søknadsskriving for klyngemedlemmer med meir	kr 500 000	kr 300 000	kr 200 000
Marknads- og arrangementsansvarleg	kr -	kr 1 200 000	kr 1 200 000
Diverse kontorustyr og rekvisita	kr 100 000	kr 50 000	kr 50 000
Formidling, synlighet og rekruttering			
Profil, nettside, materiell og markedsføring	kr 300 000	kr 150 000	kr 125 000
Kurs i innovasjonsmetodikk o.l.	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000
Arrangement	kr 80 000	kr 150 000	kr 275 000
Arrangere Helseinnovasjonskonferansen	kr 750 000	kr 750 000	kr 750 000
Utdanning, forsknings- og innovasjonsprosjekt			
Arrangement, workshop, foredrag, kurs (tema-dag, tema-lunsj, program, foredrag for studenter og bedrifter, ol.)	kr 150 000	kr 180 000	kr 300 000
Kartlegge mulige prosjekt, være brobygger, bidra til oppstart av fellesprosjekt, kobling Fou/bedrift/student, finansiering, mm.)	(i lønn - se A4)	(i lønn - se A4)	(i lønn - se A4)
Arbeide for etablering av tidlig-fase finansiering av medlemsprosjekt og for opprettelse av pris for årets helseinnovatør	(i lønn - se A4)	(i lønn - se A4)	(i lønn - se A4)
Kartlegge kompetansebehov, bidra til utvikling av attraktive og relevante studier	(i lønn - se A4)	(i lønn - se A4)	(i lønn - se A4)
Arbeide for å tilby flere praksisplasser	(i lønn - se A4)	(i lønn - se A4)	(i lønn - se A4)
Kommersialisering			
Kontorplasser i helseinkubator i fellesarena (KPV)	kr 150 000	kr 150 000	kr 150 000
Bistå i kommersialiseringsløpet i lag med KPV sin inkubatorer	(i lønn - se A4)	(i lønn - se A4)	(i lønn - se A4)
Arrangere pitchekonkurranse	kr 25 000	kr 25 000	kr 25 000
Brukermedvirkning			
Tilby testarena for brukersentrert innovasjon og utvikling	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000
Skape møteplass for brukermedvirkning / brukerinvolvering / innbyggerinvolvering	kr 40 000	kr 60 000	kr 40 000
SUM Kostnader	kr 3 695 000	kr 4 615 000	kr 4 715 000
FORSLAG TIL FINANSIERING			
Kilde	2025	2026	2027
Vestland Fylkeskommune prosjektstøtte	kr 500 000	kr 500 000	kr 500 000
Grunnfinansiering HVL, HFD, UIB, Sunnfjord kommune	kr 600 000	kr 600 000	kr 600 000
Klyngestøtte Innovasjon Noreg	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
Medlemsavgift	kr 230 000	kr 400 000	kr 500 000
Bedriftsnettverk	kr -	kr 750 000	kr 750 000
Klyngeinntekt - kurs, konferanser, arrangement og andre tjenester levert av klynga	kr 365 000	kr 365 000	kr 365 000
Annet (kommune, sparebankstiftinger, siva m.fl.)	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
SUM Finansiering	kr 3 695 000	kr 4 615 000	kr 4 715 000

Initiativtakarar



Signerte intensjonsavtalar





4.3

Felles profil og identitet

Eit underkommunisert kompetansemiljø

Rekruttering er ei av dei største utfordringane i Sogn og Fjordane, og nyutdanna kjem ofte i par. Rekrutteringsutfordringane må løysast gjennom lagspel mellom partane og med omgjevnadane.

Få løfta fram moglegheitene

Sogn og Fjordane har god tradisjon for samarbeid på dette feltet. Det fylkesdekkande rekrutterings- og profileringsselskapet Framtidsfylket har lukkast godt med sitt regionale traineeprogram, og lokale utviklingsselskap som t.d. Sunnfjord Utvikling, fortener skryt for satsingar som tek trivsel og tilhøyre på alvor ved å leggje til rette for nettverksbygging mellom unge gjennom satsingar som U40 - eit sosialt nettverk for unge folk. Dette er viktige regionale og lokale marknadskanalar ein bør kople seg tettare på, for å få løfta fram dei spennande fagmiljøa på Vie, for det er ikkje nok med eit fagleg sterkt miljø for å trekkje til seg folk. Vi må også ta i vare at eit val skal vere attraktivt også utanom studium og jobb.

Må vite om for å velje

Ein god og relevant jobb og fagutvikling er likevel avgjerande for folk sine val, og litt enkelt sagt, så vel ikkje folk noko dei ikkje veit noko om. Mykje av aktiviteten som skjer i kompetansemiljøet på Vie er underkommunisert til omverda; både innan teknologi og helsefag. Sjølv om ein har jobba med formidling av ulike satsingar innan utdanning, forskning og innovasjon, som har gitt positiv merksemd og synleggjering også utanfor eigen region, så har vi ikkje lukkast godt nok med marknadsføring av våre miljø.

I eit perspektiv der partane ønskjer å rekruttere søkjarar til studia og til ledige stillingar, få til meir tverrfagleg samarbeid og auke talet på forskings- og innovasjonsprosjekt, er det eit problem at fagmiljøa ikkje er gode nok på formidling. Det er eit problem som famnar breiare enn for partane sjølve. Meir synlegheit og merksemd både lokalt, regionalt og nasjonalt vil vere viktig for å oppretthalde og auke rekrutteringa til studia og fagmiljøa i Førde. Klarer vi ikkje det, så kan vi i verste fall stå i fare for å miste studietilboda her i Førde, noko som vil ramme heile regionen hardt.

For fagområde våre vil etablering av ein fellesarena og ei felles kunnskaps- og næringsklynge bidra positivt til meir synleggjering av gode studietilbod og fagleg spennande arbeidsplassar i eit stimulerande fellesskap. Dette vil bety noko for å trekkje til seg folk, men det vil også bety mykje for å behalde og utvikle våre tilsette.



FØRDE

**Per Christian skal leie
Førdes best bevarte
løyndom**

SKAL LEIE TEKNOLOGIMILJØ: Per Christian Engdal byrja i ny jobb 1. april, som assisterande institutt-leiar for teknologimiljøet på Høgskulen på Vestlandet i Førde. – Eg kan ikkje tenke meg ein meir givande og spennande oppgåve å jobbe med i kommande år. Foto: Roy Sunde

Per Christian Engdal, Assisterande instituttleiar Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag, seier i intervju med avisa Firda³¹ mellom anna at:

Campus Førde har fått eit breitt studiemiljø, med høg kompetanse på eit framtidsretta fagfelt, og som direkte adresserer mange av dagens samfunnsutfordringar. Han ser fagmiljøet som tungt. Det gir store moglegheiter. Både for studentar og næringsliv på sikt, og fortel at HVL Campus Førde kanskje har eit av dei spissaste robotikk-miljøa i Norge. Kunstig intelligens kjem til å endre mykje, og robotikk og automasjon skal vere med på å løyse utfordringar. Ikkje minst i helsevesenet, der færre hender skal ta seg av fleire folk.

Avslutningsvis peikar Engdal på at det ikkje er så godt kjent kor mykje ein har investert i fagressursar og laboratorium, og kva fagmiljø som held til på Vie. Han meiner dette er underkommunisert lokalt, og beskriv det som Førde sin løyndom.

Kva skal barnet heite?

Namn og merkevare er viktige verktøy for å skape merksemd og auke synlegheit til satsinga. Eit eige og godt eigna namn vil bidra til felles identitet, kjensle av tilhøyre og samhald, og vere viktig i det vidare arbeidet med å løfte fram medlemmane sitt arbeid og fellesaktiviteten i klynga.

Undervegs i prosjektet kom det fleire innspel på at Campus Vie ikkje er eit optimalt namn på fellessatsinga med bakgrunn i:

- 1) Vie er for geografisk snevert
- 2) Seier lite om innhaldet
- 3) Campus-ordet:
 - spesifikt område knytt til universitet og høgskule, og fellessatsinga famnar om fleire ting
 - forvirrande fordi ein i Førde allereie opererer med Campus Førde og Campus Verftet

Innspelsprosessen

Prosjektgruppa ønskjer at satsinga skal famne breitt både geografisk og innhaldsmessig, og difor tilrår vi eit anna namn enn Campus Vie. Prosjektet har hatt ein prosess for å samle innspel til alternative namn. Alle deltakarane i prosjektetgruppa, arbeidsutvalet og dei ulike arbeidspakkane vart inviterte til å bidra med innspel. Prosjektgruppa fekk så høve til å stemme på sine favorittar og dei to namna som peika seg ut vart Anga og Vilje med «etternamnet» - helseklynge for utdanning, forskning og innovasjon. Arbeidspakke 4 fungerte som jury og støtta seg til dei to alternativa som presenterast på dei neste sidene.

Føringar for innspela var:

- Namnet skal ikkje vere på sjølve bygget
- Namnet skal vise til ein fellesarena, eit fellesskap, ei samhandling, ei klynge
- Namnet skal ikkje vere engelsk
- Helst vere forklarande for kva fellesskapet handlar om
- Ønskjer ikkje bruk av tal. Døme: Campus1

Forslag før utval

- ✓ Senter for helsekompetanse og nyskaping
- ✓ Angabu eller Angatun
- ✓ Eiratun
- ✓ Senter for helseinnovasjon og kompetanse
- ✓ Førde helseklynge for utdanning og nyskaping
- ✓ Helse og Innovasjon – H&I
- ✓ Arena for Helseinnovasjon – AfH
- ✓ Senter for HelseKompetanse
- ✓ HISK – Helse - Innovasjon - Samhandling - Kompetanse
- ✓ Vilje – Senter for helsekompetanse og nyskaping
- ✓ Vilje – Klinik for helsekompetanse og nyskaping
- ✓ Vilje – Helseklynge for utdanning, forskning og innovasjon
- ✓ HelseCampus Førde
- ✓ HelseCampus Sogn og Fjordane
- ✓ Nyskappingsklinikken – samarbeid for kompetanse og nyskaping
- ✓ Klinik for utdanning, forskning og innovasjon i Førde
- ✓ Frigg – helseklynge for utvikling av rurale helsetenester
- ✓ Eira – helseklynge i Sogn og Fjordane
- ✓ FjordHelse kompetanse og nyskappingsklynge
- ✓ Elvekraft helse- og næringsklynge
- ✓ Sogn og Fjordane helsekompetanse og nyskappingsklynge

Døme på namnsetting på andre fellessatsingar



HelseCampus Stavanger
Haraldsplass Helsecampus

INOVACARE



HelseINN

i4Helse



FORSKNINGSPARKEN
OSLO SCIENCE PARK



Health2B

Drammen
Helsepark

Anga – helseklynge for utdanning, forskning og innovasjon

Lokalt namn med inspirasjon frå Angedalen og elva som renn forbi området vårt.

Tek utgangspunkt i Angabygget som er peika på som den mest aktuelle lokaliteten for å danne ein fellesarena. Innhaldet i fellesarenaen vil vere viktig for å tilby testfasilitetar, kompetanse og ulike aktivitetar til klynga.

OPPHAV

norrønt *anga*

TYDING OG BRUK

Gje frå seg ange / (god)lukt

DØME

Vår med ange av sevje og mold



- Tek utgangspunkt i Angabygget
- Spelar på lokal tilknytning



- Tydinga «lukt» er ikkje relevant for satsinga
- Tydinga «trang» gjev få positive assosiasjonar
- Fungerer best lokalt og på nynorsk
- Bokmål: «Å angi»

Lokalhistoria frå Fylkesarkivet omtalar Anga slik³³:

Opphavet til ang er truleg angr, trong, på gammalnorsk. Ordet kan ha blitt brukt om den trongare dalen som munna ut i Førde-dalen frå nord, eller om elva i den. Dalen og elva er smale i området Hjelle-Tefre, dalen innover djup og til dels trong. Kanskje har dalen og elva vore parnamn frå starten av, som Anga, trongdals-elv og Angrdøl, trongdal.

Kjelde 32: Språkrådet og Universitetet i Bergen. «[Ange](#)». Nynorskordboka.

Kjelde 33: Aasland, «[Jølstra, Anga og Halbrendselva](#)»

Vilje – helseklynge for utdanning, forskning og innovasjon

I norrøn mytologi var guden Vilje bror av Odin og Ve. Saman tok dei livet av trollet Yme, og av restane skapte dei verda og dei to første menneska Ask og Embla³⁴.

Vilje er målbevisst streben og evne til å ta val og omsetje tankar til handling, spesielt slike handlingar som individet kan gå god for og identifisere seg med³⁵.

OPPHAV

norrønt *vili*; *samanheng med vilje*

STIKKORD

Skaparkraft, samarbeid om å ta ei stor utfordring (troll), eit substantiv og eit verb

DØME


Ha sterk vilje, innsatsvilje, ha vilje til samarbeid

+

- Fungerar på bokmål og nynorsk
- Er både substantiv og verb
- Positivt med fleire tydingar
- Geografisk uavhengig
- Kan kombinerast med andre ord

-

- Litt ukjent frå norrøn mytologi
- Kan også vere namn på folk



Kjelde 34: Store norske leksikon, «[Vilje \(i norrøn mytologi\)](#)» av Ellen Marie Næss, 18.04.24

Kjelde 35: Store norske leksikon, «[Vilje](#)» av Leif Edward Ottesen Kennair, 18.04.24.

Kjelde 36: Språkrådet og Universitetet i Bergen. «[Vilje](#)». Nynorskordboka.

05

TILRÅDINGAR

5.1 Fellesarena for utdanning, forskning og innovasjon

5.2 Ei helseklynge i Sogn og Fjordane



[Tilbake til oversikta](#)

Ambisjonar på eigne og regionens vegne

Med fire ambisiøse partnarar i ryggen fekk prosjektgruppa til Campus Vie-prosjektet ei viktig oppgåve. Bestillinga var omfattande og gav på same tid ei tydeleg forventning om konkretisering for å leggje grunnlaget for vidare arbeid med å etablere ein framtidsretta helsecampus som skal romme dei aktivitetane og behova som er kartlagde, styrke kompetansemiljøa og gjere Førde meir attraktiv som studie- og arbeidsstad.

Brei involvering

I denne typen arbeid er forankring og gode prosessar ekstremt viktig. Det er mange omsyn som skal takast, og det er mange som sit med gode idéar og viktig kunnskap for å få til ei optimal utforming av ein slik fellesarena. Difor har vi også hatt ei stor prosjektgruppe, delt arbeidet inn i arbeidspakkar, og brukt tid på å involvere tilsette i dei ulike organisasjonane gjennom fasilitering av ulike møte og workshops. Det meiner vi har vore heilt naudsynt for å få god innsikt og lande den oversikta over funksjons- og arealbehov som vi no har klart.

Styrking av studentbyen Førde

Sjukehuset og kommunane er allereie involverte i utdanningsløp gjennom både elevar og studentar som er i praksis, og i regionen kan ein ta helsefagleg utdanning på fleire nivå; vidaregåande, fagskule og høøgskule. At HVL campus Førde utdannar både innan helse- og ingeniørfag er ein x-faktor vi håpar vil syne att i utviklinga av helsetenestene i framtida. Det pågår også eit arbeid ved HVL for å sjå på nye studietilbod ved campus Førde. Med etablering av Vestlandslegen, kjem studentar knytt til Universitetet i Bergen til å få dei siste tre åra av legeutdanninga i Førde. Med dette får regionen eit enno breiare og meir tverrfagleg studentmiljø. Denne heilskapen i studietilbod er positiv for studentbyen Førde – både fagleg og sosialt.


Ein plass på landslaget

Førde og regionen har eit rikt samansett næringsliv som kan skape arbeidsplassar og verdiar gjennom å løyse utfordringar for og med helsesektoren. Teknologiske løysingar er peika på som naudsynte i utvikling av helsetenestene, og helsenæringa er utpeikt som ei viktig eksportnæring for Noreg i framtida. Ein av bremseklossane er tilgang på klinisk kompetanse, brukartesting og testfasilitetar. Dei store nasjonale helseklyngene jobbar for å få etablert ein nasjonal helsekatapult med eit nettverk av testsenter for helseindustri i Noreg. I lys av dette vil fasilitetane i den nye fellesarenaen vere viktige for tilgang til testing og kompetanse for innovatørar i vår region.

Campus Vie-prosjektet si satsing på ein fellesarena for utdanning, forskning og innovasjon kombinert med ei helseklynge i Sogn og Fjordane vil vere eit viktig steg for å sikre seg ein plass på «landslaget» i utvikling av gode helsetenester.



Prosjektgruppa tilrår og faseinndeler





5.1

Ein attraktiv regional fellesarena for utdanning, forskning og innovasjon

EIN ATTRAKTIV REGIONAL FELLESARENA FOR UTDANNING, FORSKING OG INNOVASJON PÅ VIE

Planleggje rehabilitering
av AngabyggetTrinnvis rehabilitering Angabygget og ta
det i bruk som fellesarenaKlargjere areal til
Helse Vest IKT og VestlandslegenEtablere eit felles senter for
simulering og ferdigheitstreningKlargjere samhandlingsareal til
undervisning og klyngeaktivitet**Satsinga kan realiserast raskt**

Ein fellesarena i eit heilt nytt bygg vil vere ein langsiktig prosess med mange store og krevjande oppgåver som skal løysast før planane er klare og spaden kan setjast i jorda.

Det er derfor svært positivt at Helse Førde allereie har eit bygg som ligg midt i «smørauget» blant alle bygga på Vie. Angabygget fristillast og skal ikkje lenger nyttast av Helse Førde aleine. På relativt kort sikt kan partane oppnå målet om ein attraktiv regional fellesarena ved å samlokalisere og sambruke nokre av dei kartlagde funksjonane og hauste effekt av eit meir samla fagmiljø.

Planlegge rehabilitering av Angabygget

Rehabilitering vil vere naudsynt for å modernisere og utnytte arealet i Angabygget betre, og for å legge til rette for meir fellesaktivitet. I dag står areala fram som litt slitt og umoderne. Ein kan til dømes ha meir opne landskap, meir leiken møblering, glassveggar for å vise aktivitet, lage fleire sosiale soner og sikre aktivitet gjennom å plassere fellesareal i strategiske knutepunkt. Bygget kan bidra til å auke samhandling om ein gjer slike grep på rette måten. For å knytte Angabygget og HVL tettare saman, vil inngang og tilkomst vere ein vesentleg faktor. Ein inngang på kortenden av austleg fløy vil korte ned avstanden og gjere at bygget opplevast meir tilgjengeleg for studentar og tilsette. Det vil også vere viktig å rehabiliterare fasade og utbetre uteområda for meir aktiv bruk.

- Prosjektet tilrår bruk av både arkitekt og interiørarkitekt for å sikre fagkompetente val i rehabiliteringsprosessen.
- Prosjektet tilrår flytting av hovudinngangen i Angabygget til kortenden i austleg fløy.
- Prosjektet tilrår at arbeidsutvalet frå Campus Vie-prosjektet vert involvert i planlegging av rehabiliteringa.

EIN ATTRAKTIV REGIONAL FELLESARENA FOR UTDANNING, FORSKING OG INNOVASJON PÅ VIE

**Trinnvis rehabiliterare Angabygget og ta det i bruk som fellesarena**

Gjennom ein rehabiliteringsprosess i fleire fasar vil partnerane kunne oppretthalde aktivitet i Angabygget på same tid som ein klargjer bygget til å romme nye folk og funksjonar. Enkelte fagmiljø må vere villige til å flytte på seg fleire gongar for å bidra til realisering av meir optimale og varige lokale.

- Prosjektet tilrår å rehabiliterare bygget i fasar; begge etasjar i vestleg del først og så begge etasjar i austleg del.

Klargjere areal til Vestlandslegen

Satsinga Vestlandslegen har vore ein katalysator for heile prosjektet. Prosjektet meiner at partnerane bør prioritere behova til Vestlandslegen høgt sjølv om den planlagte oppstarten med nye studieplassar i medisin i Førde, er avhengig av ei tildeling av studieplassar over Statsbudsjettet. Prosjektet oppstart av Vestlandslegen med studentar i Førde, er sett til hausten 2030. Ved tidleg klargjering av areala kan Førde klare å ta i mot medisinstudentar tidlegare enn forventa.

For å unngå at lokala står tomme nokre år, kan areala nyttast til rokadeareal under rehabiliteringa av austleg fløy.

- Prosjektet tilrår klargjering av UiB sine areal- og funksjonsbehov i Angabygget i fase 2.
- Prosjektet tilrår at areala til Vestlandslegen plasserast i plan 1 vestleg fløy i Angabygget.

Klargjere areal til Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har eit stort kompetansemiljø med om lag 45 tilsette i Førde, og kan vere klare til å flytte allereie januar 2026.

Helse Vest IKT og partnerane kan ha gjensidig nytte av kvarandre og nærleiken til det kliniske miljøet i Helse Førde og utdanningsmiljøet i HVL. Helse Vest IKT vil bidra til ytterlegare styrking av kompetansemiljøet på Vie.

- Prosjektet tilrår klargjering av Helse Vest IKT sine areal- og funksjonsbehov i Angabygget i fase 2.
- Prosjektet tilrår at areala til Helse Vest IKT plasserast i plan 0 vestleg fløy i Angabygget.

EIN ATTRAKTIV REGIONAL FELLESARENA FOR UTDANNING, FORSKING OG INNOVASJON PÅ VIE

**Etablere eit felles senter for simulering og ferdigheitstrening**

Tre av partane har spelt inn konkrete arealbehov til simulering- og ferdigheitstrening. Totalt behov på 1184 m² kan ved sambruk nesten halverast. Sunnfjord kommune er opne for at dei kanskje kjem til å nytte areal her i framtida. Fagskulen Vestland har også gitt signal på at det kan vere aktuelt å leige seg inn til samlingsbaserte studium. Dette er ein av dei største sambruksgevinstante i heile prosjektet, som vil føre til betre ressursutnytting og styrking av kompetansemiljøet rundt simulering og ferdigheitstrening.

Ein må samtidig vere merksam på at slik deling også kan vere utfordrande. Organisasjonane har ulike horisont på tidsplanleggjinga og det vil vere ulikt omfang av bruk. Det er viktig at utstyr og lokale er i orden til ei kvar tid. I tillegg til god organisering med gode rutinar og bookingsystem, så vil det krevje ein vilje til vi-tenking og ein raus delingskultur mellom organisasjonane.

- Prosjektet tilrår etablering av eit felles senter for simulering og ferdigheitstrening.
- Prosjektet tilrår plassering i Angabygget plan 1 austleg fløy.
- Prosjektet tilrår rask oppstart av detaljplanlegging av senteret slik at planar for organisering, utstyr og innhald er klare til denne delen av Angabygget skal rehabiliterast.
- Prosjektet tilrår tilsetjing av ein felles labingeniør/koordinator.
- Prosjektet tilrår årleg evaluering av sambruk for å finne ein god fordelingsnøkkel for tidsbruk og økonomi.

Klargjere samhandlingsareal til undervisning og klyngeaktivitet

Etter å ha prioritert areal i Angabygget til UiB, Helse Vest IKT og eit simulering- og ferdigheitssenter, sit ein att med austleg fløy plan 0. For å sikre meir areal som kan sambrukast og byggje kultur for deling, har prosjektet fokusert på behov som fleire av partane har felles. Med dette fokuset kan vi oppnå meir aktivitet på tvers av fagmiljøa allereie på eit tidleg stadie i satsinga på ein fellesarena.

- Prosjektet tilrår at følgjande funksjonsbehov blir ivareteke i Angabygget plan 0 austleg fløy:
 - Kursrom med PC / arbeidsstasjonar for studentar
 - Kantine/kafé/møteplass/arrangement
 - Skranke med tilhøyrande kontor
 - Innovasjonsverkstad/stort møterom
 - Multirom
 - Kontor seksjon for Kompetanse og Utdanning (HFD)
 - Heimemiljø/utstillingsrom velferdsteknologi
 - Stille lesesal
 - Grupperom
 - Hotspotplassar
 - Garderobe

EIN ATTRAKTIV REGIONAL FELLESARENA FOR UTDANNING, FORSKING OG INNOVASJON PÅ VIE

Oppstart av byggeprosjekt

Byggje eit nytt felles bygg for å dekke alle prioriterte innspel

Vi får ikkje plass til alt i Angabygget

Det samla totale funksjons- og arealbehovet som er spelt inn og prioritert i prosjektgruppa, ligg på 9 207 m² (bruttoareal). Etter å ha plassert organisasjonar og funksjonar i Angabygget, er det framleis eit udekket behov på om lag 4 600 m² (bruttoareal).

Prosjektet føreslår følgjande funksjonar inn i eit nytt felles bygg:

- Aktivitetssenter
- Storstove
- Test- og piloteringsrom
- Teknologilab og VR-bibliotek
- Forskings- og innovasjonsaktivitet
- Undervisningsrom og lesesal
- Kontorplassar og møterom

Det pågår eit arbeid med utviding av studietilboda ved HVL campus Førde. Vi må dimensjonere for fleire tilsette og studentar i framtida.

Oppstart av byggeprosjekt

Helse Førde er i sluttfasen på arbeidet med Nye Førde sjukehus og har allereie tilgang på mykje erfaringskompetanse blant sine tilsette. Om eit nytt byggeprosjekt kjem i gang raskt, kan ein nytte denne ressursen. Det vil vere ein styrke for framdrift og heilskapen på Vie.

Arealet som klargjerast til UiB i Angabygget, planlegg vi å nytte som eit rokadeareal fram til UiB flyttar inn i 2030. For å klare eit slikt tidsperspektiv, bør ein snarleg starte prosjektering av nybygg.

- Prosjektet tilrår at det utarbeidast eit mandat for byggprosjektet i 2025.
- Prosjektet tilrår at det gjennomførast ei vurdering av korleis ein kan løyse innspelet om å gå tørrskodd mellom nytt bygg og HVL.
- Prosjektet tilrår oppstart av eit byggeprosjekt i løpet av 2026.


Bygge eit nytt felles bygg for å dekke alle prioriterte innspel

Vi har fått plass til ein god del av dei innspelte funksjonsbehova i Angabygget, men krona på verket vil likevel vere eit nybygg. Ein attraktiv fellesarena for utdanning, forskning og innovasjon vil vere eit nødvendig løft for rekruttering til regionen. Eit nybygg vil kunne romme funksjonar som gjer at vi kan styrke;

- forskning og innovasjonsarbeid
- koplinga mellom helse og teknologi
- tilbodet i rehabiliteringstenestene
- verdiskapande samarbeid i regionen
- utdanningstilbodet


- Prosjektet tilrår bygging av eit nytt felles bygg aust for Angabygget.

EIN ATTRAKTIV REGIONAL FELLESARENA FOR UTDANNING, FORSKING OG INNOVASJON PÅ VIE



Behalde noverande plassering av
biblioteket og Læringslaben

Samle utdannings- og
forskingsmiljøet i HVL sitt bygg



Fellesarena på tvers av tomtegrenser og eigarskap


Vi har sett på kva behov partnerane har og i kva areal dette kan løysast. Vi har vektlagt funksjonane og sambrukspotensial meir enn plassering i eit felles nytt bygg. Ei løysing er ein kombinasjon av eksisterande bygg, rehabilitering av Angabygget og eit nytt framtidig bygg. Fellesarenaen vil då bli meir enn ein lokasjon, og organisasjonane vil kunne oppnå betre flyt mellom bygga dersom ein tilrettelegg for aktivitet og samarbeid i fleire bygg.

Sambruke areal i andre eksisterande bygg

Gjennom å sambruke areal til ulike funksjonar i fleire bygg, så riv ein ned etablerte grenser, og får folk til å føle seg meir heime på tvers av organisasjonar. Vi vil også kunne oppnå betre flyt mellom bygga når vi legg til rette for at det er aktivitet i alle bygg som trekk til seg folk. På denne måten kan vi raskare realisere draumen om fellesarena og sikre eit meir samla fagmiljø. Sambruk av areal i eksisterande bygg er, i tillegg til god ressursutnytting, eit godt steg i retning av ei sterkare VIL-kjensle og meir samhandling på tvers.

- Prosjektet tilrår å plassere fellesarenaen i ein kombinasjon av eksisterande bygg, eit rehabilitert Angabygg og eit heilt nytt bygg.

EIN ATTRAKTIV REGIONAL FELLESARENA FOR UTDANNING, FORSKING OG INNOVASJON PÅ VIE

**Behalde noverande plassering av biblioteket og Læringslaben**

Bibliotek var i forprosjektet spelt inn som eit behov ein skulle sjå på i ein felles arena. Biblioteket ved HVL har ein viktig sosial funksjon og ligg fint lokalisert attmed kantina. I workshop med studenttillitsvalde kom det fram eit ønske om at biblioteket blir verande på noverande plassering. UiB vil ha behov for bibliotektenester og bør derfor opprette samarbeidsavtale med HVL på lik linje med det Helse Førde har i dag.

HVL Førde opna i januar 2024 Læringslaben, som er ein godt utstyrt arena med mykje teknologi til utlån. Helse Førde har allereie teke initiativ til å opprette ein samarbeidsavtale om bruk av utstyr og kompetanse. Det er investert i både kompetanse og utstyr. Det vil vere føremålstenleg i eit fagleg, økonomisk, kulturelt og miljømessig perspektiv å inngå samarbeidsavtaler framfor at partnerane investerer i eige utstyr.

- Prosjektet tilrår at ein beheld noverande plassering av biblioteket og Læringslaben.
- Prosjektet tilrår at det etablerast bruksavtalar mellom partnerane for bruk av desse funksjonane.

Samle utdannings- og forskingsmiljøet

Eit samla fagmiljø er viktig for det faglege og sosiale fellesskapet og bidreg til styrka kultur for samspel. Prosjektgruppa meiner det er viktig å følgje opp arbeidet som alt er lagt ned knytta til å byggje ein ein felles kultur, ved å sikre at ein kan gå tørrskodd mellom bygga og slik lett halde kontakt med dei andre fagmiljøa. Som eit ledd i å oppnå dette, kan det vere ei løysing å flytte forskning og innovasjon frå Angabygget over i HVL-bygget når HVL sin simuleringssenter. På denne måten legg ein også betre til rette for tverrfaglege og tverrinstitusjonelle prosjekt. Det ligg ei forventning til vekst i tal forskarar i alle organisasjonane, så når eit nybygg står klart, kan ein flytte desse over i toppetasjen på nybygget og etablere eit større areal for forskning og innovasjon.

- Prosjektet tilrår at forskingsmiljøet som no er i Angabygget og Seksjon for forskning og innovasjon i HFD vert lokaliserte i HVL sitt bygg når ein har frigjort areal til dette.
- Prosjektet tilrår at forskings- og innovasjonsmiljøa vert samla i toppetasjen på nytt bygg når det er ferdigstilt.



5.2

Tilråding helserelatert kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane

ETABLERE EI HELSERELATERT KUNNSKAPS- OG NÆRINGSKLYNGE

Oppstartsmøte med kartlagte interessentar

Bli enige om namn for klyngesatsinga

Setje i gang eit treårig oppstartsprosjekt

Tilsetje klyngeleiar

Regionalt samarbeid for auka verdiskaping

Partnerane har som mål å styrke kompetansemiljøet, auke innovasjonskrafta og gjere det attraktivt å ta utdanning og jobb i Sogn og Fjordane. Ein fellesarena aleine er ikkje nok fordi det er stor grad av gjensidig avhengigheit til resten av samfunnet for å oppnå dette. Det ligg eit uforløyst potensial og store gevinstar i meir tverrfagleg og tverrsektorielt samspel. Regionen har fleire små og store bedrifter som utviklar og leverer innovative løysingar til helsesektoren. Ei helseklynge med raus delingskultur kan bidra til auka rekruttering, styrka kompetansemiljø og meir verdiskaping i vår region.

Aktivitet i ei slik klynge er ikkje avhengig av realisering av ny fellesarena, men vil på same tid dra nytte av fasilitetane og kompetansen i den framtidige satsinga på fellesareal. Såleis kan denne satsinga vere ein positiv pådrivar for resten av satsinga. Ei lokal klynge får størst kraft gjennom å vere del i eit større nettverk. Over tid har partane opparbeidd godt samarbeid og sterke band til dei regionale og nasjonale helseklyngene. Det er viktig at ei lokal klynge samarbeider tett med desse også i framtida.

Etablering av ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge for Sogn og Fjordane kan skje allereie i 2024/2025.

Oppstartsmøte med kartlagde interessentar

På kort tid har prosjektet fått mange signerte intensjonsavtalar og støtteerklæringar. Interessa for å etablere ei slik klynge er til stades i heile regionen og på tvers av sektorar.

Før ein set i gang oppstartsprosjektet, må initiativtakarane einast om kva organisasjon som skal leie vidare framdrift på vegne av alle interessentane. Ein aktuell aktør kan vere Kunnskapsparken Vestland.

- Prosjektet tilrår partnerane å ta ei aktiv rolle i det vidare arbeidet med etableringa av ei helseklynge.
- Prosjektet tilrår at partnerane einast om kva organisasjon som skal leie vidare framdrift på vegne av alle interessentane.
- Prosjektet tilrår utarbeiding av utkast til prosjektmandat som vert presentert på oppstartsmøtet.
- Prosjektet tilrår at partnerane inviterer til eit oppstartsmøte med interessentar tidleg haust 2024.

ETABLERE EI HELSERELATERT KUNNSKAPS- OG NÆRINGSKLYNGE

Oppstartsmøte med kartlagte interessentar

Bli einige om namn på klyngesatsinga

Setje i gang eit treårig oppstartsprosjekt

Tilsetje klyngeleiar

Bli einige om namn

Namn og merkevare er viktige verktøy for å skape merksemd og auke synlegheit til satsinga. Eit eige og godt eigna namn vil bidra til felles identitet, kjensle av tilhøyre og samhald, og vere viktig i det vidare arbeidet med å løfte fram medlemmane sitt arbeid og fellesaktiviteten i klynga.

- Prosjektet tilrår partnerane å bli einige om namn og legg fram forslaget på oppstartsmøtet.
- Prosjektet tilrår prioritering av ressursar til og arbeid med merkevarebygging for ein felles profil og identitet.

Setje i gang eit treårig oppstartsprosjekt

Finansiering av klyngeaktivitetane i ein tidleg fase, kan vere uføreseieleg og komme på ulike tidspunkt. Ei prosjektorganisering vil kunne leve med og allokere ressursar etter klynga sin økonomi. Ved etablering av ei juridisk eining på eit seinare stadium vil det vere ein fordel for klyngepartnerane at klynga allereie er etablert og moden med stor oppslutnad og har føreseieleg finansiering, brei regional og nasjonal forankring og behovsretta tenester.

- Prosjektet tilrår oppstart av eit treårig prosjekt hausten 2024.
- Prosjektet tilrår at klynga får kontor i ny fellesarena i Angabygget plan 0 austleg fløy i nærleik til innovasjonsverkstad, inkubatorplassar og møteromma.

Tilsetje klyngeleiar

Klyngeleiar er viktig for å nå måla og resultata i strategi- og handlingsplan. Klyngeleiar har ansvaret for god organisering, og må ha ein relasjonsbyggande leiarsstil som gjer at det skapast ei sterk «vi-haldning» hos medlemmane med ei gjensidig og tillitsfull delingskultur. Det er viktig at klyngeleiar bidreg til rekruttering og sørgjer for ei brei og komplementær samansetjing av medlemmane i klynga, og for at det vert skapt engasjement og kontinuitet i styrings- og områdegruppene.

- Prosjektet tilrår å tilsetje ein klyngeleiar.

Skisse til mogeleg tidslinje

Eit forslag til optimal tidslinje dersom ein skal klare å nytte seg av dei fortrinna som ligg i rokadøløysinga som er skissert og klare å ferdigstille alle areala til Vestlandslegeutdanninga som kanskje kjem i 2030.



- Bli einige om namn på klyngeprosjektet
 - Lage mandat for klyngeprosjektet
- Gjennomføre oppstartsmøte klyngeprosjekt med interessentar
 - Søke midlar klyngeprosjekt
 - Starte tømning av Angabygget
- Oppstart byggeprosjekt nybygg
 - Starte rehabiliteringa av Angabygget fløy aust
- Seksjon for FOI og KOU flyttast til Angabygget plan 1 fløy vest (rokade)
 - Helse Vest IKT flyttar inn i Angabygget plan 0 fløy vest
- Starte bygginga av nybygg
- Klyngeprosjekt ferdigstillast, evaluerast og går over i permanent drift
- UiB og Vestlandslegen flyttar inn i Angabygget plan 1 fløy vest
 - Ferdigstilling og innflytting i nybygg
 - Forskingsmiljøa samlast i toppetasjen i nybygget

2024

2026

2028

2030

2025


2027

2029

- Oppstart klyngeprosjekt
- Tilsetje klyngeleiar
- Lage mandat for prosjekt nybygg
- Starte rehabiliteringa av Angabygg fløy vest
- Seksjon for FOI og KOU samlast i Angabygget plan 1 fløy aust (rokade)
- Aktuelle partnarar bør ha samarbeidsavtalar med HVL knytt til bibliotek og Læringslab
- Detaljplanlegge innhald og drift av senter for simulering- og ferdigheitstrening
- Helseklynga flyttar inn Angabygget plan 0 fløy aust tilknytta innovasjonsverkstad, inkubatorplassar og møterom
- Felles senter for simulering- og ferdigheitstrening takast i bruk
- Tilsetje felles koordinator/labingeniør til drift av simuleringssenter
- Forskingsmiljøet samlast i HVL sitt bygg
- Bygginga av nybygg pågår

06

ORD- OG KJELDELISTE



[Tilbake til oversikta](#)



Ordliste

Påslagsfaktor (tidlegare brutto/netto-faktor)	«Påslagsfaktoren er forholdet mellom delfunksjonenes bruttoareal (BTA) og bygningens netto funksjonsareal per arealkategori. Påslagsfaktoren angir dermed stipulert arealbehov for kommunikasjon (KOA) og areal for konstruksjoner og vegger (KVA). Det benyttes differensierte påslagsfaktorer basert på erfaringstall fra tilsvarende funksjoner, samt tilpasninger til type arealer»³⁷. «Det eksisterer i dag ingen offisiell omforent og standard/definisjon på påslagsfaktor (tidligere brutto/netto-faktor)»³⁸.
Klynge	«Michael Porter er opphavsmannen til begrepet næringsklynge. Klyngebegrepet er etter hvert først og fremst blitt knyttet til denne typen klynger. Porter avgrenser regionale næringsklynger til geografiske konsentrasjoner av bedrifter og institusjoner som er knyttet sammen på ulike måter. Med institusjoner mener Porter offentlige og andre organisasjoner som bidrar med spesialisert kursing, utdanning, informasjon, forskning og tekniske støttefunksjoner» ³⁹ .
Node	Ein node i denne samanheng er eit umodent nettverk/mindre klynger eller nettverk som kan koplart til eit større etablert nettverk eller miljø.
Hub	Hub er det engelske ordet for nav / ein etablert klynge.
Hubnode	«Formålet med hubnode-utlysningen er å bidra til å utvikle et nettverk av bedrifter, noden, som per dags dato ikke selv vil ha grunnlag til opptak som Arena/Arena PRO i Norwegian Innovation Cluster programmet. Utviklingen i nettverket skal skje i samhandling med en mer etablert klynge, huben. Huben må godkjennes av Innovasjon Noreg» ⁴⁰ .
Gjensidig avhengighet	«Gjensidig avhengighet er ganske enkelt aktørers forståelse av å være avhengig av andre aktører for å nå egne og felles mål.» ³⁰
Mogelegheitsstudie	«Et mulighetsstudie er en utredning som bringer frem nye ideer og belyser potensiale for eiendom (område/areal eller eksisterende bygg)» ⁴¹ .
Sticky Campus	«Omgrepet «sticky campus», opprinneleg frå Australia, skildrar ein ny måte å designe læringsareal for unge» ⁴² .
Vi-kultur	Gruppeorientert kultur. En felles kultur der alle må bidra og føler tilhøyre. Referer til oss og vårt, og ikke eg og mitt.
Open Innovation	«Open Innovation 2. O (OI2) is a new paradigm based on principles of integrated collaboration, co-created shared value, cultivated innovation ecosystems, unleashed exponential technologies, and extraordinarily rapid adoption» ²³ .
Energisenteret for Barn og Unge	«Energisenteret for barn og unge skal legge til rette for at barn og unge med særskilte behov skal få oppleve meistring, aktivitetsglede og sosialt fellesskap på lik linje som sine jamnaldrande» ⁴³ .
Pusterom	«Aktiv mot krefts mål er å få persontilpasset trening inn som en del av kreftbehandlingen. Derfor etablerer vi treningssentre for kreftpasienter på norske sykehus. Treningssentrene kaller vi for Pusterom, fordi brukerne her både kan øke pulsen og pusten, men også for å kunne tilby et pusterom fra en vanskelig hverdag. På Pusterommene får kreftpasientene kyndig treningsveiledning av fagpersoner, i et sosialt og trivelig miljø, før, under og etter behandling. Det er også en møteplass og sosial arena for pasienter i samme situasjon» ⁴⁴ .
Klimaskal	«Betegnelsen klimaskallet brukes om den delen av bygningen som skiller ute fra inne, yttervegg, gulv og tak. Klimaskallet spiller en viktig rolle i å redusere energibehovet samtidig som det skal bidra til godt innneklima» ⁴⁵ .

Kjeldeliste

1. [Samhandlingsbarometeret](#), «Demografi – framskriving»
2. [Statistisk sentralbyrå](#), «Alders og næringsfordeling»
3. PwC, «[Vekstregionen Sunnfjord, Ein Nærings- og ringverknadsanalyse.](#)» Sunnfjord Utvikling. 18.04.24.
4. [HVL](#), «Strategi for HVL 2023-2030»
5. [HVL](#), «Prosjekt campusutvikling – Campus Førde»
6. [Sunnfjord kommune](#), «Studentmelding 2023-2026»
7. [Helse Førde](#), «Utviklingsplan 2021-2035»
8. Arbeiderpartiet og Senterpartiet, «[Hurdalsplattformen](#)» Regjeringen. 18.04.24
9. [NOU 2023:4. Tid for handling](#). Oslo: Helse –og omsorgsdepartementet
10. St.meld. nr. 9 (2023-2024) [Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027](#)
11. Riksrevisjonen, «[Riksrevisjonens undersøkelse av rehabilitering i helse- og omsorgstjenestene](#)»
12. Helse og omsorgsdepartementet, «[Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023](#)»
13. NOU 2020:12. [Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn](#). Oslo: Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet
14. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, «[Strategi for småbyer og større tettsteder som regionale kraftsentre](#)»
15. Regjeringen, «[Helsenæring valgt som neste nasjonale eksportfremmesatsing](#)». 02.06.2023.
16. St.meld. nr. 18 (2018-2019) [Helsenæringen](#)
17. Nærings- og fiskeridepartementet og Helse og omsorgsdepartementet, «[Veikart Helsenæringen](#)»
18. St.meld. nr. 5. (2022-2023) [Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2023-2032](#).
19. St.meld. nr. 19 (2023-2024) [Profesjonsnære utdanninger over hele landet](#).
20. Regjeringen, Europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF av 7, «[Om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner](#)»
21. Store norske leksikon, «[Organsisasjonskultur](#)» av Ingvild Sagberg, 18.04.24.
22. Värmland County Administrative Board. «[A Quadruple Helix Guide for Innovations](#)» Interreg North Sea Region project.
23. Camilleri, Mark Anthony, Serena Strazzullo, Troise, Ciro, Stefano Bresciani. [Creating shared value through open innovation approaches: Opportunities and challenges for corporate sustainability](#). 2023. DOI: 10.1002/bse.3377
24. Alrek helseklynge, «[Alrek helseklynge mot 2026](#)»
25. Universitetet i Stavanger, «[Helsecampus Stavanger – handlingsplan 2023](#)»
26. Helsehub, «[Helsehub](#)»
27. HelseINN, «[HelseINN sin strategi 2021-2024](#)»
28. i4helse, «[Strategi for i4 Helse AS 2020-2023](#)»
29. Inovacare, «[Om oss](#)»
30. André Flatnes, Jens Kristian Fosse, Harald Furre og Roger Normann. «[Organisering og ledelse av klyngeprosjekter](#)». Agderforskning, FoU-rapport nr. 6/2014.
31. Sunde, Roy. «[Per Christian skal leie Førdes best bevarte løyndom](#)». Firda. 17.04.24.
32. Språkrådet og Universitetet i Bergen. «[Ange](#)». Nynorskordboka. 18.04.24.
33. Aasland, Arne. «[Jølstra, Anga og Halbrendselva](#)». Fylkesarkivet.
34. Store norske leksikon, «[Vilje \(i norrøn mytologi\)](#)» av Ellen Marie Næss, 18.04.24
35. Store norske leksikon, «[Vilje](#)» av Leif Edward Ottesen Kennair, 18.04.24.
36. Språkrådet og Universitetet i Bergen. «[Vilje](#)». Nynorskordboka.
37. Regjeringen, «[Vedlegg 6: Dimensjonerende parametre](#)»
38. Statsbygg, «[Veiledning PA0502 Areal og volum](#)»
39. Store norske leksikon, «[regional næringsklynge](#)» av Arne Isaksen, 18.04.24
40. Norwegian Innovation Clusters, «Hub-node-prosjekter 2023», 18.04.14
41. Multiconsult, «[Mulighetsstudie og tidligfase](#)»
42. Interior og møbler, «[Sticky Campus](#)». NILs Årbok
43. Helse Bergen, «[Om Energisenteret](#)».
44. Aktiv mot kreft, «[Velkommen til pusterommet](#)»
45. JM bolig, «[JMs energieffektive boliger](#)»
46. Forskringsrådet, «[Pilot Helse](#)»

APPENDIKS

Meir om kva dei gjer andre stadar

Tilbake til oversikta



Visjon

«Alrek helseklynge skaper innovative helse- og omsorgsløsninger for hele mennesket, ved hjelp av fremragende forskning og utdanning, fullverdige praksisarenaer og tverrfaglig samhandling»²⁴.

PARTNARANE



Forskning

Fornye helseforskningen for å skape nye og effektive løsninger på lokale og globale utfordringer gjennom helhetlig, tverrdisiplinær forskning.

Utdanning

Sikre kandidater helhetlig teoretisk og praktisk kunnskap, rettet mot lokale og globale helseutfordringer.

Innovasjon

Frembringe relevante og effektive løsninger, som er til nytte for folkehelse og helse- og omsorgstjenester lokalt og globalt.

Formidling

Bidra aktivt i det offentlige ordskiftet om helse, og sikre at beslutninger om helse har et godt kunnskapsgrunnlag.

God arena for samhandling

«Klyngebygget» i Årstadveien 17 i Bergen er eigd av UiB og huser nokre av Alrek helseklynge sine sentrale kompetansemiljø. Bygget er planlagt og innreia for å promotere samhandling. Det å møtast på tvers av fagmiljøa rundt kaffimaskiner, få til eit «sticky campus» for studentane og gode fasilitetar for faglege og sosiale samlingar, er sentrale funksjonar som det er lagt til rette for. Det er også vektlagt av uteareala skal vere tilgjengelege for tilsette og omjevnadane.

Såkorndmidlar

Dei lyser årleg ut samarbeidsmidlar som skal leggje til rette for eit utvida fagleg samarbeid og stimulere til felles studentinitiativ i klynnga. Ein del av midlane er øyremerkte studentprosjekt. Det først og fremst snakk om såkorndmidlar for å etablere eller utvikle samarbeidsprosjekt, som på sikt vil bidra til å støtte opp om dei strategiske måla for Alrek helseklynge.

Kunnskapsklynge

Alrek helseklynge er eit partnerskap på tvers av forskning, høgare utdanning, kommune, institutt og sjukehus, som jobbar med lokale, nasjonale og globale problemstillingar. Klynnga vektlegg særleg kommunane sitt virke- og ansvarsområde og har sterkt fokus på brukarmedverknad.

Organisering

Partnarmøte, styringsgruppe, klyngeleiar, kommunikasjonsforum, 7 faggrupper, brukar- og studentpanel. Tilsette i nøkkelposisjonar hos partnerane sit i dei ulike gruppene.

Samarbeidspartnarar

Norwegian Smart Care Cluster, VIS Innovasjon, Eitri, Idrettsklynge Vest, Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi, Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest, Senter for kvalitet i legetjenester.

PARTNARANE



Forskningsbasert helseklynge

HelseCampus Stavanger er eit forskningsbasert helseklyngemiljø som ønskjer å vere ei drivkraft i kunnskapsutvikling og endringsprosessar i samfunnet. Klynga lyser ut såkornmidlar til forskings- og innovasjonsprosjekt innan deira strategiske satsingsområde. Dei strategiske satsingsområda er: sikkerheit - simulering - samhandling

Organisering

Styringsgruppe, dagleg leiar, arbeidsgruppe og eiga driftsgruppe for test-, innovasjons- og simuleringssenteret. Tilsette i nøkkelposisjonar hos partnerane sit i dei ulike gruppene.

Samarbeidspartnarar

Norwegian Smart Care Cluster, Norwegian Smart Care Lab, HealthCatalyst AS, Norway Pumps & Pipes, SEARCH, SAFER, SHARE, Nettverk for velferdsforskning, KS, USHT Rogaland, VID, Tannhelsetjenestens kompetansesenter Rogaland, Digi Rogaland, Fagskolen Rogaland, AOF fagskolen, Pårørendesenteret, FFO, Haltian Norway, Statsforvalteren i Rogaland, Universitetsfondet, Rogaland kunnskapspark, Sparebankstiftelsen og Innovasjonspark Stavanger.

Sikkerheit, simulering og samhandling

HelseCampus Stavanger (HCS) er eit knutepunkt, ein pådrivar og tilretteleggjar for å skape vekst og utvikling på tvers av fagmiljø hos partnerar og samarbeidspartnarar innan dei tre strategiske satsingsområda sikkerheit, simulering og samhandling. HCS har ein felles samlingsstad på test-, innovasjons- og simuleringssenteret i Innovasjonsparken Stavanger.

Dei ulike labane i senteret

- Kvardagslaben til Stavanger kommune er ein stad for opplæring i bruk av velferdsteknologi.
- Ambulanselaben til Universitet i Stavanger er paramedisinstudentane sin simuleringssarena.
- Mock Up-laben til Stavanger Universitetssykehus (SUS) er lik pasient- og vaktrom som etablerast i nye SUS.
- DesignLaben til SUS vert nytta som innovasjonsverkstad
- Innovasjonslaben til Norwegian Smart Care Cluster (NSCC)/Norwegian Smart Care Lab (NSCL) nyttast óg til utvikling og testing av nye produkt, workshops og bedriftsmøte.
- NSCC/NSCL nyttar og fellesareala og dei andre labane til å teste ut nye helseteknologiske løysingar i samarbeid med næringsliv, offentlig helseteneste, utdanning, pasient/brukarar og pårørande.

SAFER – Stavanger Acute Medicine Foundation for Education and Research – har sine simuleringss- og ferdigheitslokale vegg i vegg med dei andre areala i lista over.

Utviklingssenter for sjukeheim og heimetjenester i Rogaland (USHT Rogaland)

brukar Kvardagslaben og fellesareala til opplæring av instruktørar innan klinisk observasjonskompetanse trinn 1 og 3 i KlinObsKommune modellen. Dette er ein kompetansemodell innan klinisk observasjonskompetanse som inneber bruk av simulering som pedagogisk metode i kommunehelsetenesta.



Katalysator for utvikling

Samarbeidsnettverket skal vere ein katalysator for utviklingsprosjekt som løfter fram og skapar synergjar innan helserelatert forskning og innovasjon.

Helsehub er i dag del av to store utviklingsprosjekt i Drammensregionen:

- *Digital heimeoppfølging av kronisk sjuke pasientar*
- *Potensiale for vekst i helsenæringa i Drammensregionen*

Drammensregionen

HelseHub vart etablert som prosjekt i 2019, og er eit partnerskap mellom kommunar, sjukehus, universitet og næringsforeningar i Drammensregionen. Partnerskapen samarbeider om forskning, utdanning, tenester og næringsretta arbeid innan helse og omsorg.

Partnarane samarbeider systematisk om fire satsingsområde

- Digital heimeoppfølging og responscenter-tenester
- Førebyggjande helsearbeid
- Digital helsekompetanse
- Test og simulering

For perioden 2022-2025 har HelseHub ambisjon om å:

- styrke offentlig-offentlig og offentlig-privat samarbeid som skal bidra til næringsutvikling, tenesteutvikling og kunnskapsutvikling.
- digitale og koordinerte helsetenester for innbyggjarne som skal bidra til styrka folkehelse, god behandling, auka meistring og effektiv drift.

PARTNARANE



Asker
kommune



DRAMMEN
KOMMUNE



Lier kommune



KONGSBERG
KOMMUNE



NÆRINGSFORENINGEN
I DRAMMENSREGIONEN
CHAMBER OF COMMERCE



VESTRE VIKEN



Universitetet
i Sørøst-Norge



Asker
Næringsforening



Norway
Health Tech



Drammen
Helsepark



Utviklingscenter for
sykehjem og hjemmetjenester
Viken (Buskerud)

Vekst i Viken

v/Norway Health Tech
Prosjektet er finansiert av



VIKEN
FYLKESKOMMUNE

HelseINN

Visjon

Sammen for bedre folkehelse og bærekraftige helsetjenester²⁷

HelseINN er eit samarbeidsnettverk som skal bidra til eit sterkt økosystem for helseinnovasjon i Innlandet med aktørar frå akademien, offentlig, privat og frivillig sektor.

Verdiar: RAUS - MODIG – JOVIAL

Nøytral tilretteleggar


HelseINN er opptekne av å vere ein nøytral tilretteleggar for at kommunar, sjukehus, næringsliv, akademien og frivillig sektor kan samarbeide om å finne løysingar til det beste for innbyggjarane. Ser på seg sjølv som ein «DJ» som får partane ut på dansegolvet.

Hovudmål

Styrke arbeidet med god folkehelse og bærekraftige helsetjenester i Innlandet.

Delmål

- Forsking, innovasjon og kommersialisering
- Kompetansebygging
- Nettverksutvikling
- Kommunikasjon



Her kan du sjå
film om HelseINN



Regional og tverrsektoriell

HelseINN har over 80 partnarar på tvers av sektorar og er ein regional aktør som omtalar seg som eit samarbeidsnettverk. Dei har hubnode-status gjennom Innovasjon Noreg og samarbeider med dei to store nasjonale klyngene Norwegian Smart Care Cluster og Norway Health Tech. På kommersialiseringssida samarbeider dei med tre forskjellige inkubatormiljø på Innlandet; Skåppå, Vaager Innovasjon og Klosser Innovasjon.

Finansiering av aktiviteten

I tillegg til ei grunnfinansiering frå partnarane, finansierast mykje av HelseINN sin aktivitet gjennom prosjektstøtte frå mellom anna Innlandet fylkeskommune og Interreg midlar – Sverige-Norge. Kompetanse frå klynga vert også skriven inn som viktig ressurs i regionale innovasjonsprosjekt for både kommunar og Sykehuset Innlandet. HelseINN er dyktige på formidlings- og kommunikasjonsarbeid.

Organisering

HelseINN er organisert som ei ideell foreining, og styret består av nøkkelpersonar frå partnerverksemdene. Organisasjonane i styret i 2023-2024: Elverum kommune, Høgskolen i Innlandet, Gjøvikregionen utvikling, Nav Arbeidslivssenter Innlandet, Sykehuset Innlandet, IKOMM, Tepas Kompetanse AS, Kreftforeningen, NTNU, Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdalen og Terningen Innovasjonspark.

HelseINN sine tilbod/aktivitetar/fokusområde:



i4Helse

Visjon

Samskaping av bærekraftige
helseteknologiske løysningar²⁸

PARTNARANE



Føremålet til i4Helse er å bidra til behovsdriven innovasjon og produkt- og tenesteutvikling for private og offentlege verksemder innan helse- og sosialsektoren med spesielt fokus innan e-helse og helseteknologi.

Testfasilitetar

i4Helse er eit test- og innovasjonssenter for berekraftige helseteknologiske løysingar og har mellom anna eigen visningsarena, bustadsimulator, brukartestlab og XR lab. UiA sin Mechatronics Innovation lab ligg i nabobygget. Partnerane har valt strategisk plassering av funksjonar og areal slik at helse- og teknologifagleg kompetanse og test-, laboratorie- og utdanningsaktivitet ligg tett.



Fasilitering og rettleiing

i4Helse tilbyr hjelp til prosjektplanlegging, rekruttering av brukargrupper, finne samarbeidspartnarar i akademia og testplanlegging.

Utleige


Dei flotte fasilitetane kan leigast av næringslivet og andre eksterne for å utføre forskning og innovasjonsaktivitetar. Erfaringane til i4Helse så langt syner at det er vanskeleg å basere drift på inntekt frå sal av tenester og leigeinntekter. Helsenæringa er kanskje ikkje heilt moden for dette endå, så i4Helse sitt styre er i ein prosess for å sjå på andre måtar å drifte satsinga på vidare.

Kjelde 28: i4helse, «[Strategi for i4 Helse AS 2020-2023](#)» og «[Labareal og test](#)»



Her kan du sjå
film om i4helse

To bustadsimulatorar som kan endrast ved behov



Brukartestlaboratoriet



INOVACARE

Visjon

*Vi møter helseutfordringer
gjennom samarbeid og innovasjon*

PARTNARANE



Inovacare er eit samarbeidsprosjekt i Bodø leia av Kunnskapsparken Bodø, som tilrettelegg for innovasjonssamarbeid mellom helseindustri, sjukehus og kommune.

Hovudmål

Støtte helsesektoren i å utvikle tjenester for å imøtekomme behov og takle fremtidige utfordringer. Dette gjør vi ved å ta utgangspunkt i brukerens behov, og skape en samarbeidsarena der helsepersonell, næringsliv, forskningsmiljøer, pasienter og andre interessenter kan utvikle nye løsninger som tilfører verdi for innbyggere og helsesektoren²⁹.

Organisering

Styringsgruppe og prosjektleiar. Tilsette i nøkkelposisjonar hos partnarane er medlem i styringsgruppa. Eigen rådgjevingssgruppe med regionale, nasjonale og internasjonale representantar.

Samarbeidspartnarar

Norwegian Smart Care Cluster, DNV, Inkubator Salten, SINTEF, Menon Economics, Engage (Center for engaged Education through Entrepreneurship), Nord Universitet / HHN handelshøgskolen

Inovacare tilbyr

1. Infrastruktur for utprøving og kvalitetssikring av eksisterande og nye e-helse-løysingar og tenester
2. Tilgang til eksisterande løysingar (i test evt. produksjon) for verifisering og testing i sanntid
3. Tilgang til fagkompetanse og moglegheit til å utvikle og teste løysingar i realistiske situasjonar i samarbeid med brukarar som klinisk personell og innbyggjarar
4. Råd og rettleiing om privat-offentleg forskings- og utviklingsarbeid
5. Tilretteleggjing for at studentar og forskarar kan jobbe med brukarnære prosjekt
6. Rettleiing i finansielle mogelegheiter for gjennomføring av utviklingsprosjekt

Innovacare arrangerer årleg i september [Helseinnovasjonsuka](#) i Bodø.

Linken eHelselab

Inovacare er koordinator og bistår helseindustrien med tilgang til LINKEN eHelselab og fagmiljøa knytt til samarbeidspartane. [LINKEN eHelselab](#) ved Nordlandssykehuset er ein arena for kvalitetssikring og utvikling av eksisterande og nye e-helseløysingar og tenester. I lokala har ein realisert pasienten sin heim med velferdsteknologi og e-helseløysingar, ei sjukehusseng med utstyr som finst på sengepost, vaktrom sjukehus, vaktrom kommunehelsetenesta, kommunalt tildelingskontor, fastlegekontor og responscenter for digital heimeoppfølging. Utviklingsmiljøet kan tilpassast behova til dei ulike prosjekta som bruker areala.



Prosjektleder Gro Rukan

gro.rukan@helse-forde.no/gro.rukan@hvl.no

Prosjektstøtte Hilde Elvebakk Hjelmeland

hilde.elvebakk.hjelmeland@helse-forde.no

